



Arkeologisk og naturvitskapeleg undersøking
av busetnadsspor og dyrkingslag frå
jernalder. Skeie gnr. 38, bnr. 2 (Fredheim),
Klepp k.

Even Bjørdal
Sara Westling
Christin Jensen
Morvenna van Rijn

Saksnr.: 16/04714

Oppdragsgjevar: Rogaland fylkeskommune, Seksjon PU Nord-Jæren 1

Stikkord: busetnadsspor, småhus, grøfter, grenser, dyrkingslag,
flygesandlag, jernalder, spannforma leirkar

Oppdragsrapport 2023/24

Universitetet i Stavanger,
Arkeologisk museum,
Afdeling for fornminnevern

Utgjevar:
Universitetet i Stavanger
Arkeologisk museum
4036 STAVANGER
Tel.: 51 83 31 00
Fax: 51 84 61 99
E-post: post-am@uis.no

www.arkeologiskmuseum.no

Stavanger 2023

Arkeologisk og naturvitskapeleg
undersøking av busetnadsspor og
dyrkingslag frå jernalder.

Skeie gnr. 38, bnr. 2 (Fredheim),
Klepp k.

Even Bjørdal
Sara Westling
Christin Jensen
Morvenna van Rijn

ARKEOLOGISK
MUSEUM

Universitetet i Stavanger

Rapport til topografisk arkiv

Vår ref. (arkivnummer):

Dato: 07.12.2023

Kommune: Klepp
Gardsnamn: Skeie
Gnr.: 38
Bnr.: 2
Lokalitetsnamn:
Tiltakshavar/ Oppdragsgjevar: Rogaland fylkeskommune, Seksjon PU Nord-Jæren 1
Adresse: Postboks 130 sentrum, 4001 Stavanger

Saken sitt namn: «Detaljregulering for gang - og sykkelveg langs fv. 507, Orre – Hå grense, Fredheim, gnr. 38, bnr. 2, Klepp kommune, Rogaland»

Saksnr. (p360/arkiv): 16/04714
KulturminneID: 173373
Hoh.: 6-7 m.o.h.

Aksesjonsnr: 2022/06
Museumsnr: S14556
Natvit.prøvenr: 2022/06 – 1 til 35
Fotonr: Sf 227505 - 227584
Intrasisnummer: Am_2022_001_Skeie

Registreringsrapport: RFK Rapport 48/2103
Synfart (av/dato): Even Bjørdal / 11.03.2022
Sakshandsamar: Kristin Oma (2016) / Even Bjørdal (2019)

Dispensasjon (§ /dato): §8.4: vedteke av RA jf. brev 18.11.2016; §10 vedteke av RA i brev datert 15.12.2021

Feltundersøking: 28.03. – 01.04.2022
Ved: Prosjektleiar Even Bjørdal, feltarkeolog Ester van de Lagemaat

Saka gjeld: Detaljregulering for gang - og sykkelveg langs fv. 507. Undersøking av lokalitet med busetnadsspor (stolpehol, lag, grøfter) og restar etter dyrkingslag, i ein kontekst med omfattande innslag av flygesand. Særprega grøfter kan indikere grense mellom innmark – utmark her i førreformatorisk tid. Typologisk klare gjenstandsfunn (skår av spannforma leirkar) og karbondateringar indikerer bruksperiode i tidsspennet yngre romartid – eldre merovingartid.

Stikkord resultat: busetnadsspor, småhus, grøfter, grenser, dyrkingslag, flygesandlag, jernalder, spannforma leirkar

Innholdsliste

SAMANDRAG	6
1 INNLEIING	7
1.1 Bakgrunn for undersøkinga.....	7
1.2 Lokalisering, terrengskildring, tilstanden til kulturminnet før den arkeologiske undersøkinga tok til.....	9
1.3 Om historia til staden og registrerte kulturminne i planområdet og i nærmiljøet.....	10
1.3.1 Registreringar, funn og tidlegare undersøkingar på same gard.....	10
1.3.2 Undersøkingar i nærområdet som kan vere relevante for forståinga av lokaliteten	13
1.4 Personar tilknytta undersøkinga	17
1.5 Organisering, vertilhøve og måltal	17
2 PROBLEMSTILLINGAR OG MÅLSETNAD	18
3 METODE OG DOKUMENTASJON	19
3.1 Utgravinga si framdrift og bruk av ulike gravetekniske metodar.....	19
3.2 Dokumentasjon.....	19
3.2.1 Innmåling.....	19
3.2.2 Fotografering.....	19
3.2.3 Teikning	20
3.2.4 Funn	20
3.3 Naturvitenskapelige metoder og dokumentasjon (tekst v/ S. Westling, C. Jensen, M. van Rijn) 20	
3.3.1 Prøveuttak og dokumentasjon.....	20
3.3.2 Behandling av jordprøver (makrofossilprøver)	20
3.3.3 Metoder vedartsanalyse	21
3.3.4 Metoder pollenanalyse	21
3.3.5 Metoder makrofossilanalyse.....	21
4 SKILDING AV ANLEGG OG AKTIVITETSOMRÅDE	23
4.1 Generelt oversyn.....	23
4.2 Nærmare skildring av dei ulike typane anlegg og aktivitetsområde.....	24
4.2.1 Konstruksjonar: bygningar eller noko anna?.....	24
«Hus 1»:.....	24
«Hus 2»:.....	28
Samla vurdering av «Hus 1» og «Hus 2» (med integrert informasjon frå naturvitskapelege analyser):	30
4.2.2 Andre anleggsspor: grøfter, vollar og lag.....	31
Grøfter og vollar: kva, kvifor og når?.....	31

Grøfteløpet i «hestesko» ved «Hus 1»: grøftene 1042 / 1226 / 1244.....	32
Grøft/lag 1310: (delvis) same anleggspor som grøft 1593?	36
Grøft 1538:.....	36
Grøft 1555:.....	37
Grøft 1593: grøft og/eller voll?.....	42
Fyllskiftet 200111: lag, voll eller noko anna?.....	44
Lag innan jordprofil C1504:.....	46
Lag innan jordprofil C200044:	46
Lag innan jordprofil C200047:	47
4.3 Oversyn over dateringsresultat	48
Karbondateringar (¹⁴ C-analyser):.....	48
Typologisk datering av gjenstand:.....	48
Relativ datering basert på stratigrafisk informasjon:	48
Samla tolking av dateringsresultat:.....	49
4.4 Kort samandrag om dei ulike typane anlegg og aktivitetsområde.....	49
5 FUNNMATERIALET: MENGDE, KATEGORAR OG MATERIALTYPAR.....	50
5.1 Gjenstandsfunn.....	50
5.2 Distribusjon av gjenstandsfunn	51
6 NATURVITENSKAPELIGE ANALYSER.....	52
(v/ S. Westling, C. Jensen og M. van Rijn).....	52
6.1 Jordprofil C1500.....	53
6.1.1 Sedimentbeskrivelse	53
6.1.2 Resultat pollenanalyse	54
6.1.3 Resultat makrofossilanalyse inkl. flotteringsrester (<i>heavy residues</i>)	56
6.2 Jordprofil C1504	56
6.2.1 Sedimentbeskrivelse	57
6.2.2 Resultat pollenanalyse	57
6.2.3 Resultat makrofossilanalyse inkl. flotteringsrester («heavy residues»)	59
6.2.4 Resultat fra flotteringsrester.....	62
6.3 Kommentar makrofossilanalyse	62
6.4 Oversikt over prøvemateriale til vedartsanalyse og ¹⁴ C-datering.....	63
6.5 Samlet tolkning og diskusjon av de naturvitenskaplige resultatene.....	64
6.5.1 Prøveresultater: pollen og makrofossiler	64
6.5.2 Stratigrafi.....	64
6.5.3 Potensiale	66
7 TOLKING AV LOKALITETEN	67
7.1 Aktivitetar og aktivitetsområde, funksjonsfordeling, kontekstar.....	67
7.2 Konklusjonar og perspektiv: lokaliteten sett i ein større kontekst	67

7.3	Kjeldekritikk	68
8	FORMIDLING OG PUBLIKUMSKONTAKT	69
9	PROSJEKTEVALUERING	70
10	LITTERATURLISTE.....	72
	VEDLEGG.....	74

Vedlegg 1 Funnliste

Vedlegg 2 Katalog S14556

Vedlegg 3 Anleggsliste

Vedlegg 4 Liste over naturvitskapelege prøver

Vedlegg 5 Liste over ¹⁴C-analyser og resultat

Vedlegg 6 Profildeikningar: stolpehol og jordprofilar

Vedlegg 7 Kart over id 173373 i høve til planområdet, med UTM-nett.

Figurliste:

Figur 1	Oversyn som viser lokaliteten Id 173373 (raud sirkel) i landskapet. Lengst til høgre skimtar ein Bryne i Time k. Frå Askeladden.	7
Figur 2	Utsnitt som viser den aktuelle lokaliteten Id 173373 i høve til plangrensa for tiltaket.	8
Figur 3	Kart frå 1708 som viser blant anna garden Skeie langs kysten. Frå kartverket.no.....	8
Figur 4	Kart frå 1795 som viser som viser blant anna garden Skeie langs kysten. Frå kartverket.no	9
Figur 5	Kart frå 1857 som viser blant anna garden Skeie langs kysten. Frå kartverket.no.....	9
Figur 6	Oversyn som viser RFK sine sjakter (i blått) saman med AM UiS si undersøking.	10
Figur 7	Utsnitt av kart over Helliesen sine registreringar i området. Frå SMÅ 1906.	11
Figur 8	Utsnitt av utskiftingskart for Skeie frå 1887. Opp er mot NØ.....	12
Figur 9	Oversyn som viser luftfoto frå 1953 med del av utskiftingskart frå 1887 lagt over. Dei to pilene viser til grenseline på utskiftingskartet som kanskje skal relaterast til grøfter påvist ved den arkeologiske undersøkinga.	12
Figur 10	Døme på grøftegraving på Jæren, her frå Grude. Frå Lindanger 1987, s. 139.....	13
Figur 11	Foto som viser tjelmkonstruksjon (her utan høy og med taket nede), 1920-talet. På garden Garborg, Time k. Fotograf S.I. Mossige. Jærmuseet. digitaltmuseum.no.....	13
Figur 12	Foto av gjerder mot sandflukt, her frå sjøgardane på Orre. Frå Lindanger 1987, s. 136.14	
Figur 13	Kart med forslag til lokalisering av folkevandringstidsgardar og historiske gardar I Klepp, med moderne gardsgrenser. Frå Lindanger 1990, s. 38.....	15
Figur 14	Kart med informasjon om eigedomstilhøva på 1200-talet i Klepp. Frå Lindanger 1990, s. 69.	15
Figur 15	Kart med informasjon om aktive bruk i perioden 1835-65 i Klepp. Frå Lindanger 1987, s. 24.....	16
Figur 16	Kart over køyreveggar i Klepp i 1837. Frå Lindanger 1987, s. 68.	16
Figur 17	Oversyn som viser grøfter på id 173373.....	22
Figur 18	Oversyn over anleggspor tilknytta "Hus 1" og "Hus 2".	22
Figur 19	Oversyn over funn, nat.vit.prøver, profilsnitt m.m.	23
Figur 20	Profilsnitt av sth. 1018. Foto mot N	25
Figur 21	Profilsnitt av sth. 1009. Foto mot NØ.....	25
Figur 22	Profildeikningar av snitt gjennom sth. 1000, 1009, 1018, 1033, 1073, 1198, 1210, 1218, 1370 og 1446. Ved E. v.d. Lagemaat.	26
Figur 23	Profilsnitt med del av jordprofil C1504 og sth. 1353. Foto mot NØ.....	27
Figur 24	Profilsnitt av sth. 1218 og 1370, med grøft 1226 i bakgrunnen. Foto mot ØNØ.....	28

Figur 25 Profilsnitt av sth. 1198 og 1446, med grøft 1226 i bakgrunnen. Foto mot NNV.....	29
Figur 26 Profilsnitt, sth. 1073. Mot NØ	29
Figur 27 Døme på tjelm i nyare tid. Garborg i Time k., ca. 1920-25. Foto ved S.I. Mossige. Jærmuseet. digitaltmuseum.no.....	30
Figur 28 Utsnitt som viser Figur 19 i Haugen 2014, med jordprofil mot S i sjakt 3.11. Grøfta er nr. 8.....	32
Figur 29 Foto nr 132 frå RFK registrering (Haugen 2014), som viser grøft S3.11.6 i relasjon til profil mot S i sjakt 3.11. Foto mot S.	33
Figur 30 Foto nr. 124 frå RFK registrering (Haugen 2014). Viser framrensa grøft S3.11.6, med profilvegg mot S i bakgrunnen. Foto mot VSV.....	33
Figur 31 Oversynsfoto som viser område av grøft 1042 ved feltkant mot Ø før profilsnitt 1619. Foto mot ØSØ.	34
Figur 32 Profilfoto. Viser profilsnitt 1619 gjennom grøft 1042 ved feltkanten mot Ø. Foto mot NNØ.	34
Figur 33 Profilfoto. Viser profilsnitt 200078 gjennom grøft 1226 og grop/sth. 1626. Foto mot SSØ.....	35
Figur 34 Oversynsfoto med forklarande tekst som viser lokalisering av grøft 1555 mfl. Foto mot VSV.	36
Figur 35 Oversynsfoto, heile profilsnitt C1530. Sentralt 1555, til venstre 1593, til høgre 1538. Foto mot ØNØ.	37
Figur 36 Sørleg del av profilsnitt C1530. Med 1555 sentralt og 1538 til høgre, med tolkingar. Foto mot ØNØ.....	37
Figur 37 Oversynsfoto av profilsnitt C1524, med 1555 sentralt og ein truleg rest av 1310 øvst oppe til venstre (delvis under målestokkpinnen). Med nokre tolkingar. Foto mot ØNØ.	38
Figur 38 Same motiv som førre figur, men her med forslag til lag/avsettingar innan fyllmassa. Foto mot ØNØ.	38
Figur 39 Foto av sentral del av profilsnitt C1530, med 1555 i midten og del av 1593 til venstre. Foto mot ØNØ.	39
Figur 40 Foto av nordleg del av profilsnitt C1530, med del av 1555 til høgre og 1593 til venstre. Foto mot NNØ.	39
Figur 41 Oversynsfoto som viser profilsnitt C1534 ved feltkanten mot Ø, med grøft 1555 sentralt og grøft 1593 m.fl. til venstre. Foto mot ØNØ.....	40
Figur 42 Oversynsfoto som viser vestsida av profilsnitt ved feltkanten mot Ø (der C1534 er jordprofil ved austsida/i feltkanten), like ved moderne vatngrøft. Foto mot S.....	41
Figur 43 Oversynsfoto som viser kontekst ved profilsnitt C1534, med anleggsspor og lagfølgjer synlege her ved feltkanten mot Ø. Foto mot Ø.	41
Figur 44 Utsnitt av foto frå RFK registrering (Haugen 2014), som viser grøft/voll (tolka som moderne ved registreringa) i same område som grøft 1593. Foto mot SSØ.....	43
Figur 45 Utsnitt av foto frå RFK registrering (Haugen 2014), som viser grøft/voll (tolka som moderne ved registreringa) i same område som grøft 1593. Foto mot NNV.....	43
Figur 46 Oversynsfoto som viser området med 200111, rett NØ om profilsnitt C1534, før oppretting av profilsnitt C1735. Foto mot Ø.....	44
Figur 47 Oversynsfoto som viser området med 200111, rett NØ om profilsnitt C1534, etter oppretting av profilsnitt C1735. Foto mot Ø.....	45
Figur 48 Oversynsfoto som viser lokalisering av prøveuttak for nv 34 (mørkare masse frå «voll» rett over boks) frå C1735. Foto mot ØSØ.....	45
Figur 49 Oversynsfoto av profilsnitt C200044. Foto mot VSV.....	46
Figur 50 Oversynsfoto som viser lagfølge innan profilsnitt C200047. Foto mot ØNØ.....	47
Figur 51 Foto av dei to skåra frå spannforma kar. Til høgre skåret som vart funne i felt ved undersøkinga, til venstre det større randskåret som var eit lausfunn overlevert frå grunneigar.....	50
Figur 52 Oversyn over m.a. jordprofiler og nat.vit.prøver.....	52

Figur 53 Profil C1500 med lag og naturvitenskapelige prøver avmerket.....	53
Figur 54 Konsentrasjons-pollendiagram (antall/cm ³) for jordprofil C1500. Merk ulik skala på x-aksen.....	54
Figur 55 Prosent pollendiagram for jordprofil C1500. Svart stolpe er prosent, lys grå er promille for å se små verdier lettere. Tilstedeværelse er markert med +.....	55
Figur 56 Jordprofil C1504 med lag og naturvitenskapelige prøver avmerket.	56
Figur 57 Konsentrasjons-pollendiagram (antall cm ³) for jordprofil C1504. Merk ulik skala på x-aksen.....	57
Figur 58 Prosent pollendiagram for jordprofil C1504. Svart stolpe er prosent, lys grå er promille for å se små verdier lettere. Tilstedeværelse er markert med +.....	58
Figur 59 Lin (<i>Linum usitatissimum</i>), kapselrester (ryggsiden).....	60
Figur 60 Oversikt med forslag til tolkning og kobling av C1500 og C1504.....	65
Figur 61 Sara Westling og Rosie Bishop frå AM, UiS tek ut prøver frå jordprofil C1500. Foto mot NNV.....	66

Tabell-liste:

Tabell 1	Oversyn over tidsperiodar
Tabell 2	Oversyn anleggspor «Hus 1»
Tabell 3	Oversyn anleggspor «Hus 2»
Tabell 4	Oversyn over andre anleggspor
Tabell 5	Oversyn over karbondateringar
Tabell 6	Oversyn over funnmaterialet
Tabell 7	Beskrivelse av jordlag i profil C1500, fra topp mot bunn
Tabell 8	Oversikt over makrofossilprøver fra Skeie id 173373.
Tabell 9	Beskrivelse av jordlag i profil C1504, fra topp mot bunn
Tabell 10	Faktorer undersøkt og vurdert per prøve.
Tabell 11	Identifikasjoner av forkullede og uforkullede makrofossiler.
Tabell 12	Funn og observasjoner fra sortering av prøver og restmaterialet.

SAMANDRAG

Bakgrunnen for den arkeologiske undersøkinga i regi av AM, UiS av id 173373 er ei detaljregulering for gang- og sykkelveg langs fv. 507 (Nordsjøvegen) i Klepp kommune mellom kommunegrensa mot Hå kommune i sør og fv. 247 ved Orre i nord. Gang- og sykkelvegen skal på heile strekninga gå på vestsiden av vegen.

Id 173373 er lokalisert på Skeie gnr. 38, bnr. 2 Fredheim, i Klepp kommune.

Tiltakshavar er Rogaland fylkeskommune, Seksjon PU Nord-Jæren 1.

Det er gjeve dispensasjon frå KML etter §8.4., med vilkår om at tiltakshavar skal dekkje utgifter til særskilt gransking av automatisk freda kulturminne tilknytta lokaliteten.

Den arkeologiske undersøkinga vart gjennomført i felt i løpet av veke 13 i 2022. Lokaliteten låg i dyrka mark, i eit område mellom havet i vest og fylkesvegen i aust.

Lokaliteten vart totalundersøkt, og innheldt spor etter busetnad/gardsdrift og dyrking frå førreformatorisk tid. Det vart påvist anleggsspor tilknytta to stolpebygde konstruksjonar (hus/stativ/plattform), der begge er karbondaterte til yngre romartid – folkevandringstid. Ei tilgrensande grøft er tidlegare karbondatert i samband med RFK si registrering til eldre merovingartid. Lokaliteten innheldt også fleire, truleg førreformatoriske, grøfter, og lag som har oppstått ved beite og åkerdrift der nokre er karbondatert til den seinare delen av eldre jernalder. Eit skår av spannforma leirkar funne innan konteksten med stolpekonstruksjonane stammar typologisk sett frå 400-500-talet e.Kr. (dvs. folkevandringstid). Truleg skal store delar av spora etter anlegg og lag knytast til eit (ikkje påvist) gardsanlegg frå romartid – folkevandringstid i nærleiken av lokaliteten, truleg på høgdedraget nord og aust om fylkesvegen, i nærområdet til dagens tun på bruket Fredheim.

Lokaliteten hadde eit distinkt innslag av ulike fasar av flygesandsaktivitet i området, truleg både frå førreformatorisk og nyare tid, noko som gav uvanleg gode bevaringsforhold i delar av området når det gjeld lagfølgjer vertikalt sett (dvs. i djupna/høgda, frå naturleg avsette nivå nedst til ei blanding av menneskeskapte og naturskapte lag/nivå høgare oppe frå jernalder og fram til notid.

Tabell 1 Oversyn over tidsperiodar

	Perioder	Datering i kalenderår
Eldre steinalder	Tidlig mesolitikum (TM)	9200 - 8100 f. Kr.
	Mellomesolitikum (MM)	8100 - 6400 f. Kr.
	Senmesolitikum (SM)	6400 - 4000 f. Kr.
Yngre steinalder	Tidligneolitikum (TN)	4400 - 3300 f. Kr.
	Mellomneolitikum A (MNA)	3300 - 2600 f. Kr.
	Mellomneolitikum B (MNB)	2600 - 2300 f. Kr.
	Senneolitikum (SN)	2300 - 1800 f. Kr.
Eldre bronsealder (EBA)	Periode I	1800 - 1500 f. Kr.
	Periode II	1500 - 1300 f. Kr.
	Periode III	1300 - 1100 f. Kr.
Yngre bronsealder (YBA)	Periode IV	1100 - 900 f. Kr.
	Periode V	900 - 600 f. Kr.
	Periode VI	600 - 500 f. Kr.
Eldre jernalder	Førromersk jernalder (FRJA)	500 - 0 f. Kr.
	Romertid (RT)	0 - 400 e. Kr.
	Folkevandringstid (FVT)	400 - 570 e. Kr.
Yngre jernalder	Merovingertid (MVT)	570 - 800 e. Kr.
	Vikingtid (VT)	800 - 1050 e. Kr.

1 INNLEIING

1.1 Bakgrunn for undersøkinga


Bakgrunnen er ei detaljregulering for gang- og sykkelveg langs fv. 507 (Nordsjøvegen) i Klepp kommune mellom kommunegrensa mot Hå kommune i sør og fv. 247 ved Orre i nord. Gang- og sykkelvegen skal på heile strekninga gå på vestsiden av vegen. Tiltakshavar er Rogaland fylkeskommune, Seksjon PU Nord-Jæren 1.

I samband med denne planen, utførte Rogaland Fylkeskommune registreringar på denne strekninga i perioden 08. 10. - 24. 10. 2013 (jf. Haugen 2014). Registreringane gjekk føre seg på mark tilhøyrande gardene Skeie (gnr.38), Vik (gnr. 39) og Orre (gnr. 40), og blei gjennomført som høvesvis maskinell søkesjaking i dyrka mark og prøvestikk og overflatesøk i to skogsområde. Det blei funne to nye lokalitetar, ein med dyrkingsspor datert til merovingertid/vikingtid (Id 173372) og ein med busetnadsspor datert til merovingertid (Id 173373).

Medan Id 173372 av Riksantikvaren blei vurdert som tilstrekkeleg undersøkt ved registreringa, og dermed kan fjernast utan vidare undersøking, vart Id 173373 vurdert annleis (RA, brev av 16.11.2016):

I denne saken legger Riksantikvaren til grunn at det dreier seg om et viktig samfunnstiltak som trafikksikring langs fv. 507. Vi legger også til grunn at kulturminnene som søkes dispensert ikke er synlige over markoverflaten. Selv om kulturminnene har et lite omfang, slutter vi oss til vurderingene fra regional forvaltning om at de har en vitenskapelig verdi. Spesielt interessant er datering til merovingertid, som er en periode vi fortsatt vet lite om, da det er påvist og undersøkt få bosetninger fra denne tiden. Riksantikvaren finner derfor at det gjøres en vitenskapelig undersøkelse av id 173373, før oppstart av tiltak etter planen på gnr. 38, bnr. 2.


Den arkeologiske totalundersøkinga av Id 173373 (jf. figur 1-2, vedlegg 7) vart utført i veke 13 i 2022, basert på godkjent prosjektplan og budsjett utforma av AM, UiS.



Figur 1 Oversyn som viser lokaliteten Id 173373 (raud sirkel) i landskapet. Lengst til høgre skimtar ein Bryne i Time k. Frå Askeladden.



Figur 2 Utsnitt som viser den aktuelle lokaliteten Id 173373 i høve til plangrensa for tiltaket.



Figur 3 Kart frå 1708 som viser blant anna garden Skeie langs kysten. Frå kartverket.no



Figur 4 Kart frå 1795 som viser som viser blant anna garden Skeie langs kysten. Frå kartverket.no



Figur 5 Kart frå 1857 som viser blant anna garden Skeie langs kysten. Frå kartverket.no

1.2 Lokalisering, terrengskildring, tilstanden til kulturminnet før den arkeologiske undersøkinga tok til

Lokaliteten låg rett vest om fylkesvegen, i eit område med dyrka mark utan synlege spor etter kulturminne på markoverflata (jf. figur 2).

Skildring henta frå omtale i Askeladden for Id 173373 (frå RFK si registrering i 2013):


Lokaliteten ligger i dyrka mark i et terreng som er forholdsvis flatt, men med slak, kupert helling som strekker seg ned mot Skeiestranda og sjøen i V. Lokaliteten ble påvist ved to funnførende sjakter, og avgrenses av funntomme

sjakter mot N og S, av fv 507 mot Ø og funntomme deler av sjakter mot V. I den ene sjakta ble det funnet bosetningsspor i form av fem stolper og ei veggroft. i tillegg ble det dokumentert et dyrkingslag som ligger over strukturene og strekker seg over to sjakter. En kullprøve fra veggrofta ga en datering til merovingertid.

1.3 Om historia til staden og registrerte kulturminne i planområdet og i nærmiljøet

1.3.1 Registreringar, funn og tidlegare undersøkingar på same gard.

Rogaland fylkeskommune føretok arkeologiske registreringar av planområdet i oktober 2013 (jf. Haugen 2014). Det blei sjakta i planområdet og påvist ein lokalitet (Id 173373) med automatisk freda kulturminne på Skeie gnr. 38. Tekst henta frå «Prosjektbeskrivelse for undersøkelse av ID 173373 på Fredheim gnr. 38, bnr. 2, Klepp k., Rogaland» (Oma 2016) utarbeidd ved AM, UiS: *Lokaliteten befinner seg på Fredheim (gnr. 38, bnr. 2) i dyrket mark. Det ble avdekket fem stolpebull og en sju meter lang veggroft i sjakt 3.11, innenfor et område på ca. 15x3x2 m (sjakt 3.11 ble utvidet med ca. 100 %). Området er noe forstyrret av moderne grøfter. I tillegg til strukturene ble det avdekket et dyrkingslag øst i sjakt 3.11 og 3.20, laget dekket strukturene. Lokaliteten ble avgrenset av to funntomme sjakter i nord og sør, fv. 507 i øst, og funntomme områder i sjaktene mot vest. S 3.11.5 ble snittet for utvidelsen av sjakt 3.11 for å bekrefte at det var et stolpebull. Fire av stolpebullene ligger parallelt, ca. 2,2 m fra hverandre. Steinene i stolpebullene har blitt tolket som skoningsstein. Det ble tatt ut to kullprøver, hvorav den ene gav datering til merovingertid. Det er ikke mulig ut ifra registreringen å avgjøre om det er enden på en større bygning som i så fall fortsetter underfylkesveien eller det er en 4-stolpers bygning med grøft.*



Figur 6 Oversyn som viser RFK sine sjakter (i blått) saman med AM UiS si undersøking.

Same prosjektskildring (Oma 2016) oppsummerer kort det som på tidspunktet var kjent om gjenstandsfunn og arkeologiske undersøkingar tilknytta garden Skeie (gnr. 38), inkludert bruket Fredheim (bnr. 2):

På gårdene som blir berørt av den planlagte gang- og sykkelvegen har disse arkeologiske utgravingene og registreringene blitt gjennomført tidligere:

- Registrering av synlige kulturminner ved Tor Helliesen rundt århundreskiftet 18/1900.
- Registrering av flere allerede kjente automatisk fredete kulturminner i 1963-65, hvor flere av kulturminnene ikke kunne gjenfinnes og fikk status som fjernet.

Skeie (gnr. 38)


- Etterundersøkelse av en langhaug i Skeieskogen ved Odmund Møllerop i 1948 etter at finneren selv hadde gravd i haugen. Hvilken haug er ukjent.
- Bnr. 5. Arkeologisk utgraving og gjenoppbygging av fire «strandgraver» i 1957-58 ved Odmund Møllerop. ID 5335.
- Undersøkelse av langrøys I på Søndre felt, ved Odmund Møllerop i 1958. ID 65582.
- Undersøkelse av gravhaug I og IV på Nordre felt ved Odmund Møllerop i 1959.
- Bnr. 2. Undersøkelse av sterkt ødelagt rundhaug i forbindelse med frigivning av haugen, ved Donald Provan i 1971 og Arvid Lillehammer i 1972.

Fornminner og funn fra Skeie gnr. 38:

Det er registrert fem enkeltliggende røyser/hauger, hvorav to med status tapt/ fjernet. I tillegg er det registrert fire gravfelt, ett med status tapt/ fjernet, et fjernet gårdsanlegg, samt bosetningsspor fra fylkeskommunens registrering. Fra gården har det kommet inn flere funn fra alle perioder, men storparten skriver seg fra folkevandringstid. Noen av de mest spesielle funnene fra Skeie er tåringene av bronse fra «strandgravfeltet» med ID 5335. I to av gravene satt fremdeles tåringene på skejelettet (S8694 e og S8510 ll(w)). Forekomsten av bevarte skejeletter i disse strandgravene skyldes skjellsanden som er brukt som fyllmateriale i haugene.



Figur 7 Utsnitt av kart over Helliesen sine registreringar i området. Frå SMÅ 1906.




Figur 8 Utsnitt av utskiftingskart for Skeie frå 1887. Opp er mot NØ.



Figur 9 Oversyn som viser luftfoto frå 1953 med del av utskiftingskart frå 1887 lagt over. Dei to pïlene viser til grenseline på utskiftingskartet som kanskje skal relaterast til grøfter påvist ved den arkeologiske undersøkinga.



Figur 10 Dome på grøftegravning på Jæren, her frå Grude. Frå Lindanger 1987, s. 139.



Figur 11 Foto som viser tjelmkonstruksjon (her utan bøy og med taket nede), 1920-talet. På garden Garborg, Time k. Fotograf S.I. Mossige. Jærmuseet. digitaltmuseum.no.

1.3.2 Undersøkingar i nærområdet som kan vere relevante for forståinga av lokaliteten

Her vert det først vist til informasjon frå projektskildringa (Oma 2016) som omhandlar nabogarden innan planområdet, rett mot nord i Klepp, Vik (gnr. 39):

Vik (gnr. 39)

- Bnr. 7. Faglig etterundersøkelse ved Jan Petersen i 1923 av Helliesens haug nr. 22, en langrøys ved stranden.
- Arkeologisk utgravning av en gravhaug ved Odmund Møllerop i 1959. Hvilken haug er ikke kjent, men kan være ID 72112 eller ID 14682.

Forminner og funn fra Vik gnr. 39;

På Vik er det registrert elleve enkeltliggende røyser/ hauger, hvor seks har status som tapt/fjernet. I tillegg er det registrert ti gravfelt, hvorav fem er tapt/fjernet. Det er også funnet et gårdsanlegg med gravminner. Fra gården har det innkommet funn hovedsakelig fra steinalder. Andre funn er blant annet et fragmentert bronsealdersverd fra Lynghaug (ID 5338), og skjoldbule, armring og nål (S5380) datert til vikingtid.


I tillegg bør det nemnast kort noko om funn og undersøkingar utanfor planområdet, tilknytta nabogarden Åse (gnr. 36 Åse øvre og gnr. 37 Åse nedre), rett aust om garden Skeie. Tre gravhaugar har lege nær kanten på det no uttappa Skeievatnet:

- Id 34342: Fjerna gravhaug, ca. 300 m i luftlinje frå tunet på bruket Fredheim (gnr. 38/2). Tekst frå Askeladden: *Rest av rundhaug, h. ca. 1m. Ved registrering ble haugen ikke gjenfunnet. Der den iflg. Helliesen skulle ha ligget, er det nå dyrket mark, så haugen må kunne regnes som fjernet. Den nåværende eier kjenner ikke noe til haugen.*
SMÅ 1908. Helliesen: Oldtidslevninger, Orre s., Aase 1.
- Id 14677: Fjerna gravhaug, ca. 500 m i luftlinje frå tunet på bruket Fredheim (gnr. 38/2). Tekst frå Askeladden: *Rester av rundhaug, d: ca. 19m. Haugen skal ha vært 2.5m høy. Ved registrering ble haugen ikke gjenfunnet. Der den iflg. Helliesen har ligget, er det nå dyrket mark, så haugen må kunne regnes som fjernet. Den nåværende eieren kjenner ikke noe til haugen.*
SMÅ 1908. Helliesen: Oldtidslevninger, Orre s., Aase nr. 2.
- Id 14675: Fjerna gravhaug, ca. 600 m i luftlinje frå tunet på bruket Fredheim (gnr. 38/2). Tekst frå Askeladden: *Rester av rundhaug som har vært 12.5m i diam. (Helliesen). Ved registrering ble haugen ikke gjenfunnet. Der den formodes å ha ligget, er det nå dyrket, så haugen må regnes som fjernet. Gårdens folk kjenner heller ikke noe til haugen.*
SMÅ 1908: Helliesen: Oldtidslevninger, Orre s., Aase nr. 3.


Elles er det mellom anna registrert fleire gravfelt: Id 14674, Id 24499 (funn frå eldre jernalder), Id 65579) og to gårdsanlegg (jernalder): Id 44378 med synlege gravminne, gardfar og innhegning, og Id 44379 (registrert 1965: framstår som delvis fjerna/forstyrta i løpet av perioden 1985-2019) med hustuft (ca. 22 x 9 m), mogleg innhegning, og gardfar.

Gjenstandsfunn frå Åse (gnr. 36 og 37): det er levert inn ei rekkje funn opp gjennom åra frå garden, frå heile tidsspennet steinalder – mellomalder. Det bør her særleg nemnast ein betalingsring av gull (S3250, datering yngre romartid - folkevandringstid) som blei funnen ved pløying tidleg på 1900-talet.


Bygdebøkene frå Klepp k. (Brunes 1963, Lindanger & Nordås 1987, Lindanger 1990) er nyttige utgangspunkt for ei større forståing av området.




Figur 12 Foto av gjerdet mot sandflukt, her frå sjøgardane på Orre. Frå Lindanger 1987, s. 136.




Figur 13 Kart med forslag til lokalisering av folkevandringstidsgardar og historiske gardar i Klepp, med moderne gardsgrenser. Frå Lindanger 1990, s. 38.



Figur 14 Kart med informasjon om eigedomstilhøva på 1200-talet i Klepp. Frå Lindanger 1990, s. 69.



Figur 15 Kart med informasjon om aktive bruk i perioden 1835-65 i Klepp. Frå Lindanger 1987, s. 24.



Figur 16 Kart over køyrevegar i Klepp i 1837. Frå Lindanger 1987, s. 68.

1.4 Personar tilknytta undersøkinga

I samband med feltarbeidet, var følgjande personar involvert:

- Even Bjørdal (prosjektleiar)
- Ester van de Lagemaat (feltarkeolog)
- Sara Westling (naturvitar)
- Rosie Bishop (naturvitar)
- Maskinførar frå Stangeland Maskin

I samband med etterarbeidet, var følgjande personar involvert:

- Even Bjørdal (prosjektleiar): ansvarleg for ferdigstilling av oppdragsrapport
- Ester van de Lagemaat (feltarkeolog)
- Sara Westling (naturvitar): ansvarleg for makrofossilmaterialet
- Christin Jensen (naturvitar): ansvarleg for pollenmaterialet
- Morvenna van Rijn (naturvitar)
- Elin Hamre (naturvitar)

1.5 Organisering, vertilhøve og måltal

Undersøkinga i felt vart gjennomført i løpet av veke 13, våren 2022.

Det arkeologiske feltarbeidet vart gjort av Even Bjørdal og Ester van de Lagemaat, medan naturvitarane Sara Westling og Rosie Bishop tok ut prøveseriar (makrofossil, pollen, mikromorfologi) frå jordprofilar i løpet av ein dag denne veka. Den maskinelle flateavdekkinga nytta gravemaskin med førar frå Stangeland Maskin.

Det vart avdekket i alt ca. 265 m². Ein påviste og målte inn 32 moglege anleggsspor i form av stolpehol, groper, lag og grøfter, av desse blei seinare fire avskrive (jf. figur 17-19).

Fem av stolpehola er tolka som del av «Hus 1»: det er uavklart om denne bygningen helst bør tolkast som ein firestolpars bygning (dvs. liknande «Hus 2» omtalt nedanfor) eller om det er snakk om den vestlege enden av eit større hus, som har inkludert det femte stolpeholet og fleire i austleg retning inn under dagens fylkesveg.

Seks av stolpehola er tolka som del av ein firestolpars bygning (to av stolpehola er klare utskiftingar) kalla «Hus 2». Detaljar ved fyll og oppbygging av stolpehola indikerer klart at samtlege av dei fire stadane for stolpar har blitt attbrukt fleire gongar (jf. figur 22).

Undersøkingssområdet var også prega av sju grøfter / bitar av grøfter, der somme synest å vere tilknytte Hus 1. Materiale frå grøftfyll her blei teke ut ved RFK si registrering i 2013 og ein har frå dette ei karbondatering til om lag første halvdel av 600-talet, noko som samsvarar med dei andre karbondateringane frå området utført i etterkant av AM, UiS si utgraving i 2022. Ei særleg djup og omfattande grøft (grøft 1555) skil seg ut frå resten: denne er tolka som ei mogleg grense mellom inn- og utmark, og er truleg frå førreformatorisk tid.

Samtlege stolpehol og grøfter vart snitta og dokumentert, i tillegg blei det prioritert å rense opp, dokumentere og prøveta to jordprofilar (ein i vestre feltkant og ein i austre feltkant).

Vertilhøva var generelt gode, med opphaldsver og sol. Men, sidan dette var i slutten av mars månad, vart ein i nokre dagar hemma av at bakken hadde frose til i løpet av natta.

2 PROBLEMSTILLINGAR OG MÅLSETNAD

Nedanfor følgjer eit oversyn over den faglege målsetnaden med undersøkingsprosjektet, inkludert dei spesifikke problemstillingane (frå Oma 2016).

Mykje er knytt opp mot stolpehola som indikerer eksistensen av ein huskonstruksjon på staden i førreformatorisk tid, her vektlegg ein karbondatering frå merovingertid:

[..] det så langt er avdekket få bosetningsspor fra merovingertid og vikingtid. Særlig er merovingertidsbosetningen dårlig representert, og vi har fremdeles lite kunnskap om hva som skjer fra overgangen til de store, veletablerte folkevandringstidsgårdene som blir forlatt i starten av merovingertiden, og hvor bosetningen flytter seg til (Myhre 2000; Sørheim 2009, 101, 120). I løpet av de siste årene har imidlertid flere hus fra merovingertid og vikingtid blitt undersøkt i den nordlige delen av fylket (Hem Eriksen 2015; og oversikter i Bjørdal 2016; og Meling 2016). Vi mangler fremdeles kunnskap om den yngre jernaldersbosetningen sør for Sandnes. Selv om denne lokaliteten er liten så vil den bli et viktig bidrag til forskningen på bosetning i yngre jernalder.

I tillegg kjem eit fokus på dyrkingslag påvist under registreringa:

Lokaliseringen og avstanden til bosetningssporene tyder på en sammenheng mellom disse og dyrkingslagene. Undersøkelse av dyrkingslagene vil kunne gi viktig informasjon om relasjonen mellom bosetning, åkerarealer, beitemark og ikke minst informasjon om hvilke planter som har vært dyrket.

Formålet med undersøkelsen er å avdekke og dokumentere:

- Husets utforming,
- Husets datering,
- Husets relasjon til dyrkingslaget.
- Hvilke planter har vært dyrket
- Vegetasjonsutviklingen

Reint praktisk vart det lagt ein del retningsliner for korleis undersøkinga burde utførast i felt i den opphavelige prosjektplanen (Oma 2016):

Det avdekkes om lag 200 m² rundt området med vegg-grøft og stolpespor og området dokumenteres. Alle anlegg undersøkes og dokumenteres og det samles inn prøver til makrofossilanalyse fra samtlige stolper og fra vegggrøften samles inn 4 prøver. En om lag 25 m lang sjakt graves gjennom dyrkingslaget som dokumenteres og samles inn prøver til pollen og makrofossilanalyse fra de to dyrkingslag.

Den omtalte prosjektplanen frå 2016 blei delvis revidert i 2019 (Bjørdal 2019), etter nyare retningsliner frå 2018 for budsjettering for flateavdekkande feltarkeologi og for naturvitskap. Endringane har i stor grad å gjere med noko auka ressursbruk til uttak og analyser av naturvitskapeleg materiale frå jordprofilar med dyrkingslag, dette påverka ikkje målsetnad og problemstillingar presentert ovanfor.

3 METODE OG DOKUMENTASJON

3.1 Utgravinga si framdrift og bruk av ulike gravetekniske metodar

Utgravinga vart gjennomført i løpet av veke 13 i slutten av mars 2022. Det blei nytta maskinell flateavdekking til å opne opp det aktuelle arealet.

Her jobba arkeologane Bjørdal og van de Lagemaat saman med maskinførar frå Stangeland Maskin: ein fjerna varsamt matjordlaget, og rensa deretter fram anleggsspor som kom til syne i overgangen mot den lyse sanden under jorda. Desse vart markert med gule pinnar og blei fortløpande målt inn med totalstasjonen.

Ein starta i lokaliteten sin sørlege ende og jobba seg nordover på flata. Lengst i sør påviste ein restar av eit omfattande steinlag (omtalt i RFK reg. rapport), dette heldt fram utanfor undersøkingsområdet (jf. figur 17-19). Det er uavklart korleis denne steinsamlinga har oppstått, men ho er tolka til å ikkje utgjere eit førreformatorisk anleggsspor. I dette området traff ein også på den kraftige og tydelege nedgravinga for ei moderne grøft, denne strakk seg parallelt med fylkesvegen gjennom heile lokaliteten.

Ved undersøkingsområdet sin midtre del starta det å kome til syne trulege anleggsspor, i form av stolpehol, groper og grøfter. Ved å sjekke desse opp mot informasjon i RFK sin reg. rapport, blei det raskt klart kvar ein var i høve til registreringssjaktene, omrota sjaktfyll var også distinkt synleg under flateavdekkinga.

Etter fullført maskinell flateavdekking, heldt feltarbeidet fram med finrens av anleggsspor, innmåling, og opprens av utvalde delar av profilkantane for dokumentasjon og prøveuttak. Naturvitarane Westling og Bishop deltok i felt ein dag i løpet av veka for å stå for prøveuttak frå dei nemnde jordprofilane (jf. figur 61).

Arkeologane Bjørdal og van de Lagemaat undersøkte samtlege innmålte anleggsspor, og eit utval blei dokumentert nærmare med foto, nokre også med handteikning (jf. figur 22). Ein prioriterte å gjere prøveuttak (makrofossilprøver) frå dei klare stolpehola, sidan desse anleggsspora vart tolka som distinkt førreformatoriske og truleg tilhøyrande to separate bygningskonstruksjonar. I tillegg vart det teke ut ein del makrofossilprøver frå grøfter og lagrestar.

Til slutt vart den ferdig undersøkte konteksten dokumentert ved oversynsfoto.

Den arkeologiske undersøkinga vart gjennomført i løpet av ei arbeidsveke, så det var avgrensa kor mykje detaljert dokumentasjon som det vart tid til å få gjort. Ein prioriterte dei synlege anleggsspora høgast, ved ei vurdering i ettertid ser ein at det nok burde ha vore utført ei grundigare tolking og dokumentasjon av detaljar ved lagfølgjene synleg i jordprofilane på staden, det framgår av foto og skisser at det fanst ein omfattande detaljrikdom her som kunne ha fortalt endå meir om formasjonsprosessar over tid (jf. kap. 9 om prosjektevaluering).

3.2 Dokumentasjon

3.2.1 Innmåling

Det blei nytta ein digital totalstasjon av typen Trimble til innmåling ved undersøkinga: alle anleggsspor, prøver, gjenstandsfunn med meir vart kartfesta ved hjelp av denne.

Innmålingsdata vart deretter importert til databaseverktøyet Intrasis for vidare handsaming og tolking. Intrasisprosjektet er overlevert AM, UiS sitt arkiv etter fullført etterarbeid.

3.2.2 Fotografering

Ein fotograferte anleggsspor i både plan og profil, før og etter snitting/undersøking. I tillegg vart det vektlagt å ta bilete av jordprofilar, både før/under/etter prøveuttak. Sameleis vart lokaliteten som heilskap fotografert fleire gongar under undersøkinga, frå oppstart til avslutta utgraving.

Eit utval av bileta er arkivert hos AM, UiS.

3.2.3 Teikning

I feltsituasjonen vart det utforma både a) profildeikningar i rett målestokk 1:10, og b) skisser av lagfølgjer i jordprofilar.

Profildeikningane i 1:10 (jf. figur 22, vedlegg 6) blei gjort av arkeolog van de Lagemaat, og viser åtte av stolpeholskontekstane i profil (den niande stolpeholskonteksten 1353, ved jordprofilen mot aust, er ikkje dokumentert på dette viset).

Skissene av lagfølgjer i jordprofilane er teikna av naturvitarane Westling og Bishop (jf. vedlegg 6).

3.2.4 Funn

Det blei gjort tre gjenstandsfunn (fnr. 200096, 200100, 200102) i samband med den arkeologiske undersøkinga (jf. vedlegg 1-2), i tillegg fekk prosjektleiar overlevert eit lausfunn (fnr. 200098) frå grunneigar. I tillegg vart det funne og teke inn eit korrodert fragment (fnr. 200104) som kan stamme frå ein jerngjenstand eller ein slaggbitt.

Alle gjenstandsfunna er førreformatoriske skår frå leirkar. To av dei (inkludert lausfunnet) er typologisk distinkte, dei er utan tvil frå såkalla spannforma kar, ein gjenstandstype som førekjem i folkevandringstid. Dei to andre er leirkarskår av ein enklare og udekorert type, truleg frå eldre jernalder.

Alle gjenstandsfunn gjort i felt blei målt inn, og innmålingsdata er overført til Intrasisprosjektet for undersøkinga.

Sjå katalogtekst (vedlegg 2) for nærmare informasjon om funnmaterialet.

3.3 Naturvitenskapelige metoder og dokumentasjon (tekst v/ S. Westling, C. Jensen, M. van Rijn)

3.3.1 Prøveuttak og dokumentasjon

Det ble tatt ut 15 makrofossilprøver, 15 pollenprøver og 3 mikromorfologiske prøver ved utgravingen.

Fra jordprofil C1500 ble det tatt 9 pollenprøver (nat.vit. 1-9), 3 mikromorfologi-prøver (nat.vit. 10-12) og to makrofossilprøver (nat.vit. 13-14). Fra jordprofil C1504 ble det tatt 6 pollenprøver (nat.vit. 15-20) og tre makrofossilprøver (nat.vit. 21-23).

Det ble også tatt ut 9 prøver fra stolpehull: 1073 (nat.vit. 23), 1210 (nat.vit. 25), 1198 (nat.vit. 26), 1370 (nat.vit. 27), 1018 (nat.vit. 28), 1033 (nat.vit. 29), 1000 (nat.vit. 30), 1009 (nat.vit. 31) og 1353 (nat.vit. 35).

Det ble også tatt to prøver fra grøfter: grøft 1555 (nat.vit. 33) og grøft 1042 (nat.vit. 32), og en prøve fra et lag i jordprofil C1735 (nat.vit. 34).

Prøvene fra jordprofilene C1500 og C1504 ble tatt av arkeobotanikere, og prøver fra stolpehull, grøft og lag ble tatt ut av arkeologene i løpet av undersøkelsen. Alle prøver ble målt inn direkte med totalstasjon. Prøvene har på denne måten fått et unikt Intrasis id-nummer, i tillegg til det naturvitenskapelige prøvejournalnummeret. Makrofossilanalyse ble utført på AM, UiS, mens prøver til ¹⁴C-datering ble sendt til NTNU for datering.

3.3.2 Behandling av jordprøver (makrofossilprøver)

Prøvene ble flottert i vann ved å bruke en Siraf-type flotteringsmaskin (utviklet etter Williams, 1973) og deretter vasket gjennom en sikt med maksimum maskevidde 500µm, i samsvar med AM veiledninger til preparat av prøver til arkeobotanisk analyse.

Flotteringsrester («heavy residues») (minerogent materiale o.s.v.) ble vasket før funn og mikroarkeologisk materiale inkludert bein, skjell og planterester ble plukket ut. Flotteringsrestene («heavy residues») ble så siktet gjennom sikter med maskevidde på 4, 2, og 1mm og deretter

sortert. Funn, inkludert makrofossiler, ble så gitt til respektive spesialister og inkludert i relevant del av rapporten.

Prøvene er flottert av Joana Inocêncio og Mari Krogstad Samuelsen og sortert av Elin Hamre. Restmaterialet ble sortert av Joana Inocêncio.

3.3.3 Metoder vedartsanalyse

Vedartsanalysen ble gjort ved hjelp av Nikon SMZ1500 stereozoom mikroskop med forstørrelse 7.5x – 112.5x for første gruppering og Zeiss pålysmikroskop ved forstørrelser på opptil 400x for identifikasjon av trearter. Til vedartsbestemmelser ble det brukt relevant faglitteratur (Schweingruber 1990, Hather 2000, Schoch et al. 2004). Utvalgte trekullfragmentene veides for å bekrefte at de fylte minimumskrav for vekt til ¹⁴C-prøver ifølge Beta Analytic (2017).

3.3.4 Metoder pollenanalyse

Naturvitenskapelige prøver for pollenanalyse ble tatt i felt med plastrør fra rensed jordprofilvegg og forseglet med lokk.

I laboratoriet ble 1cm³ materiale (standard prøvevolum) tatt ut for preparering. Alle innsamlete prøver, totalt 12 fra to jordprofiler, ble preparert. Alle prøvene hadde høyt innhold av mineralpartikler, og ble derfor forbehandlet i 2-3 dager med 37,5 % HF (hydrogenfluorid, fluss-syre), deretter preparert etter standard acetolyse- og KOH (kaliumhydroksyd)-metode som beskrevet i Fægri og Iversen (1989). Materiale < 0,25 mm blir tatt vare på ved denne metoden. I dette prosjektet ble også materiale > 0,25 mm, dvs materialet som ble igjen i silene, tatt midlertidig vare på for en ekstra sjekk av identifiserbart materiale.


Standard prosedyre for beregning av pollenkonsentrasjon ble fulgt ved å tilsette 2 tabletter med sporer av *Lycopodium clavatum* (myk kråkefot) som markør før acetolyse (Stockmarr 1971, Maher 1981). Det ble benyttet tabletter produsert av Universitetet i Lund, batch nr. 100320201 (14285±501 sporer pr tablett). Total pollenkonsentrasjon i prøven = antall talte pollen x totalt antall *Lycopodium*-sporer i tablettene/antall talte *Lycopodium*-sporer.

Prøvematerialet ble montert i glycerol og analysert ved hjelp av Zeiss Axio Imager 1 lysmikroskop ved forstørrelse 400-1000 x. De preparerte prøvene ble skannet i mikroskop for å få et overblikk over bevaringsgrad, og et utvalg på 7 prøver ble valgt for systematisk, kvantitativ analyse. Prøver tatt fra kontekst som overlapper med øvrige bosetningsspor ble prioritert for å dekke prosjektets problemstillinger.


Til pollenbestemmelsene er det brukt Fægri og Iversen (1989), Moore et al. (1991) og Beug (2004) samt referansesamling ved AM, UiS. Nomenklatur følger i hovedsak Fægri og Iversen (1989) og Moore et al. (1991). Tallberegninger og framstilling av pollendiagrammer er utført ved hjelp av dataprogrammet *Tilia* versjon 2.1.1 (www.TiliaIT.com) og layout bearbeidet i Adobe Illustrator 2023.

3.3.5 Metoder makrofossilanalyse


I makrofossilanalyse er identifisering basert på det at diasporer, dvs. frø, frukter, nøtter samt andre plantedeler, har morfologiske særtrekk som kan danne grunnlag for identifikasjon som art, slekt eller familie. Identifikasjoner ble gjort ved sammenligning av arkeologiske plantedeler med publisert og digitalt referansemateriale med illustrasjoner og beskrivende tekst, samt referansesamlingen ved AM, UiS. Følgende referansepublikasjoner er relevante for identifisering av førhistoriske planterester fra Nord-Europa: Anderberg (1994), Beijerinck (1947), Berggren (1969, 1981), Bertsch (1941), Cappers et al. (2006), Dombrowskaya et al. (1959), Griffin & Sandvik (1989), Jacomet (2006), Katz et al. (1965, 1977), Korsmo (2001) og Neef et al. (2012). Nomenklaturen for vitenskapelige og norske navn på planter benyttet i tekst, diagram og tabeller er etter Mossberg & Stenberg (2018). Makrofossilanalysen ble utført av arkeobotanikere Morvenna van Rijn og Sara Westling.



Figur 17 Oversyn som viser grøfter på id 173373.



Figur 18 Oversyn over anleggspor tilknyttet "Hus 1" og "Hus 2".



Figur 19 Oversyn over funn, nat.vit.prøver, profilarn m.m.

4 SKILDRING AV ANLEGG OG AKTIVITETSOMRÅDE

4.1 Generelt oversyn

Lokaliteten inneheldt hovudsakleg tre typar førreformatoriske spor:

- Spor etter bygningskonstruksjonar («Hus 1» og «Hus 2»): i form av stolpehol, groper/lagrestar, grøfter
- Spor etter drenering og/eller grenser for aktivitet/eigedom: i form av grøfter og vollar
- Spor etter landbruk: i form av lag synlege i lagfølgjer i jordprofilar, tolka som oppstått ved dyrking og husdyrhald

Majoriteten av desse spora var lokalisert sentralt/mot nord på undersøkingområdet, innan ca. 130 m² (jf. figur 17-19). Lenger sør fanst det ingen stolpehol eller grøfter, og dyrkingslaga var også klart færre og tynnare sør om grøft 1555. Dette indikerer klart ein skilnad i aktivitetar her i ein periode av førreformatorisk tid, noko som vil bli diskutert nærmare seinare i teksten.

Når det gjeld stratigrafiske relasjonar (horisontale og vertikale), viste lokaliteten seg som uvanleg kompleks til å vere ei flateavdekkande undersøking i Rogaland. Dette kjem særleg av dei velbevarte vertikale kontekstane med innslag av flygesandslag som kom til syne i jordprofilane ved feltkantane (jf. figur 53 og 56). Jordprofilen C1504, i feltkanten mot aust, var plassert om lag på tvers av (den postulerte) lengderetninga av «Hus 1», noko som såleis gav eit uvanleg innsyn i lagfølgjer her: ein fekk eit tverrsnitt gjennom huskonteksten som både viste kva lag som anleggsspor (sth. 1353) tilknytta bygningen var grave ned i (konstruksjon/reparasjon) og kva lag

som forseglta huskonteksten etter av brukstida var over (overgroing av veksthorisontar, tilkomst av seinare sandflukt og dyrkingslag). Om lag to meter nord for C1504, blei det i den austre feltkanten oppretta eit profilsnitt C1619. dette snittet omfatta både lagfølgjer som for C1504, men også grøfta 1042. Jordprofilen C1735, nokre meter søraust om C1504, inneheldt delvis ei anna lagfølge enn C1504, ved at det her var klart eit større antal tynne linser av flygesand og veksthorisontar. Dette indikerer at det i ein periode var andre formasjonsprosessar i gang her enn ved C1504. Rett sør om C1735, i samband med ein kontekst som omfatta grøftene 1555 og 1593, oppretta ein jordprofilen/snittet C1534. Her kom det til syne lagfølgjer som hadde noko til felles med C1735, men som klart også skilde seg frå denne, både med tanke på grøftene og for dei avsette laga sør om grøftene. Jordprofilen C1500, i feltkanten i vest, var plassert slik at ein fanga opp ein sekvens med dyrkingslag, flygesandslag og veksthorisontar, med meir marint avsette lausmassar nedst (sand, morene). Dei jordprofilane som er kort presentert her, vil bli noko meir grundig omtalt seinare i teksten (jf. kap.6). I tillegg vart det undervegs i undersøkinga oppretta to hjelpeprofilar (C200044, C200047) langs feltkantane i sørleg del av lokaliteten som ikkje vil bli like nøye gjennomgått.

Det vart påvist i alt 11 sikre stolpehol, og desse er tilknytta høvesvis «Hus 1» og «Hus 2». I tillegg kjem klare indikasjonar på at fleire av desse stolpehola truleg har hatt ytterlegare bruksfasar. Det er framtolka av materialet i alt sju ulike grøfter/delar av grøfter. Fleire av desse enkeltbitane kan opprinneleg ha tilhørt ei og same grøft (som t.d. delane 1042, 1226, 1244 bevart i ein tilnærma «hestesko» rundt «Hus 1»). Her bør det nemnast at fleire av desse sju anleggsspora har trekk som tyder på at det har vore snakk om både grøft og voll.

Det vart påvist nokre moglege lagrestar/flekkar som kan ha oppstått ved dyrking eller overflateaktivitet innan konteksten med «Hus 1» og «Hus 2», men dette materialet var for fragmentert til å kunne tolkast nærmare.

I lokaliteten sitt nordvestre hjørne framgjekk det klart at det her hadde vore ein overgang mot eit våtare område, «Hus 1» og «Hus 2» låg såleis på kanten av tørt land mot den fuktigare sona.

4.2 Nærmare skildring av dei ulike typane anlegg og aktivitetsområde

4.2.1 Konstruksjonar: bygningar eller noko anna?

Det er framtolka to stolpefundamenterte konstruksjonar innan undersøkingområdet, kalla «Hus 1» og «Hus 2» (jf. figur 17-19). Medan «Hus 2» framstår klart som ein firestolpars konstruksjon, så er det uavklart om «Hus 1» bør forståast som eit tilsvarande anlegg eller om det heller er snakk om den vestlege enden av eit større (lang-)hus, sidan feltkanten stoppar om lag ved fylkesvegen her. Nedanfor følgjer nærmare omtale av høvesvis «Hus 1» og «Hus 2».

«Hus 1»:

- Lokalisert i NØ-delen av lokaliteten. For detaljar om mål og avstandar i samband med «Hus 1», sjå figur 18.
- Plassert like Ø om «Hus 2», og har truleg vore i bruk innan same kontekst/tidsperiode som dette: klare likskapar i konstruksjon, og delvis overlappende karbondateringar frå stolpehola i begge anlegga.
- Dei fem påviste stolpeholsnedgravingane er tolka til å ha romma fasar av stolpar med (tak-)berande funksjon. Fire av dei framstår som to par av grinder (sth. 1018 med sth. 1033, og sth. 1000 med sth. 1009), eventuelt har desse saman danna en firestolpar konstruksjon («boks») av liknande slag som «Hus 2». Generelt var avstanden mellom desse stolpehola ca. 2,5 – 2,6 meter. Den femte stolpeholsnedgravinga (sth. 1353) låg ca. 3,3 meter aust om sth. 1009, og vart snitta som del av jordprofilen i feltkanten her. Det er

uavklart om 1353 bør knytast til resten av «Hus 1», eller om dette anleggssporet heller har tilhørt ein annan, ukjent konstruksjon (eit «Hus 3»?). Det som talar *for* at 1353 tilhører «Hus 1», er a) stolpeholet verkar å ha blitt grave innan same tid/kontekst som dei andre stolpehola i «Hus 1» (stratigrafisk likskap), b) karbondateringane frå fyllet i 1353 samsvarar med karbondateringane frå «Hus 1», og c) 1353 ligg på linje med sth. 1009 og 1018 i «Hus 1», noko som høver med plasseringa av ein takberande stolpe. Det som talar *mot* at 1353 tilhører «Hus 1», er a) at det ikkje kunne påvisast ein parstolpe for sth. 1353 innan det undersøkte området, b) at 1353 synest å ha noko lågare innhald av steinar i fyllmassa og dimensjonane på nedgravinga er noko mindre enn for dei andre stolpehola i «Hus 1». Her bør det nemnast at fråværet av ein parstolpe til 1353 kan kome av at det har skjedd yngre formasjonsprosessar akkurat i det området som er høveleg for eit slikt stolpehol, med andre ord *kan* stolpeholet vere fjerna her av nyare inngrep.




Figur 20 Profilsnitt av stb. 1018. Foto mot N.



Figur 21 Profilsnitt av stb. 1009. Foto mot NØ.

- Relasjon til grøfter: «Hus 1» kan ha hatt ei eller fleire grøfter tilknytta seg. Den hestekoforma, fragmentert bevarte grøfta (danna av delane 1042, 1226, 1244) som strekkjer seg frå feltkanten i aust og delvis rundt «Hus 1» – området (med «Hus 2» på utsida), framstår som konstruert/orientert med omsyn til «Hus 1». Grøfteløpet forsvinn VSV for «Hus 1», og lenger mot SSØ var konteksten krevjande å tolke grunna fleire, delvis overlappende grøfter i dette området. Det er uavklart om det omtala grøfteløpet opprinneleg har halde fram i dette området (og lenger mot Ø, utanfor undersøkingsområdet), det er mogleg at til dømes grøft 1593 her bør forståast som eit framhald av dette grøfteløpet. Dette komplekse biletet gjer også at det er krevjande å seie noko om symmetri i relasjon mellom grøft(-er) og stolpehola i «Hus 1». Både avstanden frå a) stolpehola 1009 og 1018 (nordre del av grindpar) og innsida av grøft 1042 og b) avstanden frå stolpehola 1018 og 1033 (det vestlegaste grindparet) til innsida av grøfta 1226 er om lag tre meter. Ein liknande avstand i sørleg retning fører til området for grøft 1555, ei grøft som er svært ulik grøfteløpet med 1042 mfl. Dette kan indikere anten a) det har ikkje eksistert eit tilsvarande grøfteløp på sørsida av «Hus 1», eller b) at andre, yngre grøfter, inkludert grøft 1555, har fjerna spora etter eit slikt eventuelt symmetrisk lokalisert grøfteløp. Eit anna spørsmål er kva funksjon grøfteløpet med 1042 mfl. har hatt i relasjon til «Hus 1» - området: tre moglege alternativ er a) vegg-grøft integrert i konstruksjonen «Hus 1», b) dreneringsgrøft utanfor sjølve «Hus 1», og c) grensemarkør mot våtmarksområdet. Kjeldematerialet er generelt sett for dårleg til å slå sikkert fast kva alternativ som stemmer best, og ein vil difor ikkje gå vidare med ei tolking av dette. Det bør her nemnast at det ved snitting/tøming av dei aktuelle grøftdelane ikkje påviste spor etter stolpar eller plankar.



Figur 22 Profildeikningar av snitt gjennom stb. 1000, 1009, 1018, 1033, 1073, 1198, 1210, 1218, 1370 og 1446. Ved E. v.d. Lagemaat.

- «Hus 1» hadde ingen spor etter eldstad, omn eller andre former for varmekjelder, og det lét seg heller ikkje påvise teikn på inngangsparti.

Tabell 2 Oversyn anleggsspor «Hus 1»

Type anleggsspor	Anleggsnr.	Lengde cm	Breidde cm	Djupne cm	Nat.vit. prøve nr. 2022/06-	¹⁴ C-resultat, 2 sigma cal AD (tidsperiode)	Kommentar
Stolpehol	1000	40	36	38	30		
Stolpehol	1009	40	38	35	31	433-558 (FVT)	
Stolpehol	1018	38	33	31	28		
Stolpehol	1033	42	36	40	29	361-423 (y. ROM – FVT)	
Stolpehol*	1353	27	26	34	35	433-574 (FVT – e. MER)	* uavklart relasjon til Hus 1
Groft	1042	590	55	25	32		
Groft*	1164	-	-	-			*del av 1042
Groft	1226	430	50	10			
Groft	1244	80	13	5			
Groft*	1593	680	55	35			* uavklart relasjon til Hus 1
Lagrest*	1173	130	70	5			* uavklart relasjon til Hus 1
Lagrest*	200108	300	160	4			* uavklart relasjon til Hus 1

- Funn påvist tilknytt «Hus 1»:
 - Leirkarskår, spannforma type. Fnr. 200096. Frå groft 1042. S14556.1
 - Fragment, jernkorrosjon evt. slagg. Fnr. 200104. Frå sth. 1033. S14556.5



Figur 23 Profilsnitt med del av jordprofil C1504 og sth. 1353. Foto mot NØ.

«Hus 2»:

- Lokalisert i NV-del av lokaliteten. For detaljar om mål og avstandar i samband med «Hus 2», sjå figur 18.
- Plassert like V om «Hus 1», og har truleg vore i bruk innan same kontekst/tidsperiode som dette: klare likskapar i konstruksjon, og delvis overlappende karbondateringar frå stolpehola i begge anlegga.
- Dei seks påviste stolpeholsnedgravingane er tolka til å ha romma fasar av stolpar med (tak-)berande funksjon. Det fleirfasa inntrykket er tydelegast i den austre delen, der høvesvis stolpehol 1218 og 1370 er utskiftingar av same stolpe i NØ og stolpehol 1198 og stolpehol 1446 er utskiftingar av same stolpe i SØ. Snittinga av stolpehola viser at også stolpane i vestre del har vore skifta ut på liknande vis (jf. figur 22). Det er etter alt å dømme snakk om ein firestolpars konstruksjon (småhus eller eventuelt stativ/plattform) som har hatt fleire utskiftingar (truleg to-tre fasar) av stolpar på kvart av dei fire stolpepunkt: det har vore i bruk fire stolpar samstundes, og generelt var avstanden mellom desse fire stolpepunkt ca. 2,7 – 2,9 meter. Det at stolpehola tilknytta «Hus 2» var så distinkt fleirfasa, skil denne konstruksjonen frå «Hus 1» der det ikkje var synleg med så omfattande utskiftingar. For øvrigt var det fleire likskapstrekk mellom anleggsspor i «Hus 1» og «Hus 2», både når det gjeld dimensjonar på og fyll i nedgravingane (til dømes mykje stein i fyllet) og kva lag i bakken som stolpehola var gravd ned gjennom.
- «Hus 2» hadde ingen spor etter eldstad, omn eller andre former for varmekjelder, og det lét seg heller ikkje påvise teikn på inngangsparti.
- Relasjon til grøfter: «Hus 2» synest ikkje å ha vore knytt til grøft(-er) på same vis som «Hus 1». Ein del av grøfteløpet med grøft 1042 mfl. (delen 1226) passerte rett ved/inntil dei austre stolpehola i «Hus 2», men det var ikkje mogleg å slå fast kva som eventuelt var eldst/youngst av grøft og stolpehol her. Det omtalte grøfteløpet si utforming og lokalisering framstår som meir orientert mot «Hus 1» enn «Hus 2» (jf. ovanfor). Ein drøy meter sør om den sørlege delen av «Hus 2», fanst det Ø-V-gåande «grøftekomplekset» som var dominert av den djupe grøft 1555. Det er uavklart kva slag relasjon det eventuelt var mellom eksistensen av «Hus 2» og grøft 1555: det er mogleg at «Hus 2» var intensjonelt bygd i eit område mellom grøft 1555 og våtmarka i nord, men det manglar dateringinformasjon om brukstida til grøft 1555.



Figur 24 Profilsnitt av stb. 1218 og 1370, med grøft 1226 i bakgrunnen. Foto mot ØNØ.



Figur 25 Profilsnitt av stb. 1198 og 1446, med groft 1226 i bakgrunnen. Foto mot NNV.




Figur 26 Profilsnitt, stb. 1073. Mot NØ.

- Det er ingen funn tilknytta «Hus 2».
- Det er ikkje gjort karbondatering på materiale frå «Hus 2», av ressursgrunnar valde ein å prioritere «Hus 1» – konteksten og jordprofilar for slik datering.
- Det finst ikkje like direkte stratigrafisk informasjon frå jordprofil for «Hus 2» som for konteksten med «Hus 1» (jf. omtale ovanfor av C1504 og stb. 1353 ved feltkanten mot Ø), men jordprofil C1500 (ved feltkanten mot V) låg berre drøye tre meter vest om «Hus 2» – konteksten. Oppbygginga og prøvematerialet frå C1500 er omtalt detaljert seinare i teksten, men **det** kan kort nemnast at det blei påvist dyrkingslagsfasar med dateringsresultat frå yngre romartid – folkevandringstid her, med andre ord same tidsperiode som karbondateringane viser frå «Hus 1» – konteksten. Dette indikerer at oppkomsten av desse dyrkingslaga og bruken av «Hus 2» har skjedd om lag samstundes, i løpet av den seinare delen av eldre jernalder. Kanskje har «Hus 2» vore den vestlegaste delen av konstruksjonane på «folkevandringstidsgarden», heilt på grensa mot eit område med åker og beite?

Tabell 3 Oversyn anleggsspor «Hus 2»

Type anleggsspor	Anleggsnr.	Lengde cm	Breidde cm	Djupne cm	Nat.vit. prøve nr. 2022/06-	¹⁴ C-resultat, 2 sigma cal AD (tidsperiode)	Kommentar
Stolpehol	1073	39	22	30	24	-	Minst to fasar
Stolpehol	1198	30	25	38	26	-	Truleg tre fasar
Stolpehol	1210	40	35	32	25	-	Truleg to fasar
Stolpehol	1218	36	30	34		-	Kontekst 1218+1370 kan ha samla sett tre fasar
Stolpehol	1370	26	26	30	27	-	Jf. ovanfor
Stolpehol	1446	28	25	40		-	I kontekst med 1198, uklart kven som er eldst/yngst.



Figur 27 Dome på tjelm i nyare tid. Garborg i Time k., ca. 1920-25. Foto ved S.I. Mossige. Jarmuseet. digitaltmuseum.no

Samla vurdering av «Hus 1» og «Hus 2» (med integrert informasjon frå naturvitskapelege analyser):

«Hus 1»:

- Anten ein firestolpars konstruksjon (bygning eller stativ/plattform) som «Hus 2» like ved, eller vestleg ende av ein bygning som har strukke seg lenger mot aust, utanfor undersøkingområdet.
- Solide stolpehol indikerer (tak-)berande funksjon.
- Om lag samanfallande karbondatering (3 stk.), indikerer brukstid innan tidsspennet yngre romartid – eldre merovingartid. Funn av skår frå spannforma kar i konteksten (typologisk datert til 400-500-talet) støttar opp om dette. Ei karbondatering frå RFK si registrering (same grøft som 1226) har gjeve resultat frå ca. 600-660. Informasjon frå jordprofil C1504 viser at konteksten med sth. 1353 gjekk ut av bruk og vart tildekka av yngre veksthorisontar, flygesandslag og dyrkingslag, truleg har dette skjedd frå og med 600 – talet av og vidare inn i yngre jernalder og mellomalder.
- Analysar av makrofossilmaterialet (jf. kap.6) fortel om innslag av havrekorn (sth. 1000 og sth. 1353), agnekledd bygg (sth. 1353) og linfrø og restar av linfrøkapslar (sth. 1353): *«Funn av havre, bygg og lin i huset stemmer godt overens med eksisterende kunnskap om plantebruk i Norge i yngre romertid til merovingertid, men lin er et uvanlig funn [...] Tilstedeværelsen av både linfrø*

og kapselrester kan indikere lokal dyrking [...] mer sannsynlig at (intakte) frø ble brukt til menneskelig og/eller dyrekonsum under jernalderen».

«Hus 2»:

- Det naturvitskapelege prøvematerialet gjev ikkje spesifikk informasjon om funksjon eller alder for «Hus 2» – konstruksjonen.
- «Hus 2» er tolka som ein fleirfasa, firestolpars konstruksjon, lokalisert i ytterkant av eit gardsanlegg frå romartid – folkevandringstid. «Hus 2» låg på «tørt land» (truleg innmark), i ei randsone: areal lenger vest og nord var prega av dyrking, beite og delvis våtmark.
- Det er uavklart om «Hus 2» faktisk var ein bygning – det kan like godt vere snakk om ei plattform/stativ reist for å tørke/oppbevare til dømes hø, myrtorv og korn (som ein hjelm/tjelm, jf. figur 11). Det same gjeld for «Hus 1», jf. ovanfor.

Konteksten med «Hus 1» og «Hus 2» framstår som tilknytta drifta av eit gardsanlegg frå seinare del av eldre jernalder («folkevandringstidsgarden»), truleg er det snakk om mindre konstruksjonar/bygning(-ar) med driftsfunksjon lokalisert i utkanten av bygningsmiljøet. Både funn, karbondateringar og stratigrafisk informasjon tyder på at iallfall denne delen av gardsdrifta forsvann i første hundreåret av yngre jernalder: yngre lag i jordprofilane C1500 og C1504 viser berre til innslag av landbruk, ikkje busetnad. Kanskje blei desse stolpekonstruksjonane del av eit øydegardsanlegg?

4.2.2 Andre anleggsspor: grøfter, vollar og lag

Innanfor undersøkingsområdet fanst det ein del anleggsspor som ikkje kan direkte knytast til «Hus 1» og «Hus 2». Majoriteten av desse er ikkje karbondaterte, men dei er vurderte som mogleg førreformatoriske basert på faktorar som stratigrafiske relasjonar, utforming/innhald og gjenstandsfunn.

Det som har med *lag* å gjere, vert i stor grad også omtalt seinare i teksten i samband med det naturvitskapelege prøvematerialet frå jordprofilane C1500 og C1504 (jf. kap.6), så i denne bolken vil fokus hovudsakleg vere på lagfølgjer synleg innan dei andre dokumenterte profilsnitta frå lokaliteten (jf. figur 19).

Anleggstypen *grøft* har blitt delvis diskutert i samband med «Hus 1»-konteksten, i det følgjande vil presentasjonen vere både breiare og djupare gjeldande spora etter grøfter (og vollar).

Grøfter og vollar: kva, kvifor og når?


Undersøking av *grøfter* var ikkje eit høgt prioritert tema i prosjektplanen (Oma 2016, Bjørdal 2019). Ein forstod utifrå registeringsresultata (Haugen 2014) at det fanst fleire grøfter innan lokaliteten, og den eine av dei (RFK reg. S.3.11.6; AM UiS grøfteløp 1042 mfl.) var tolka som mogleg vegg-grøft og såleis del av stolpeholkonteksten og prioritert for karbondatering (med resultat frå ca. 600-660 e.Kr.). I tillegg peika registreringsrapporten på to andre grøfter, desse vart tolka som nyare tids forstyringar, og ein nemnde at det fanst ein trasé for vatnrør parallelt med fylkesvegen, rett Ø om sjaktene (Haugen 2014:17-18). I samband med AM, UiS si undersøking i 2022 påviste ein på nytt alle desse omtalte grøftene, og i større utstrekning sidan det avdekkja arealet var meir omfattande enn ved registreringa (jf. figur 6). Det viste seg som forventa at den kraftige grøfta for vatnrøret skar seg gjennom heile lokaliteten, men at ho truleg har gjort relativt liten skade på dei førreformatoriske anleggsspora. Det var derimot uventa at ein skulle finne klare spor etter andre grøfteløp, rett sør om stolpeholkonteksten med «Hus 1» og «Hus 2», med slike anleggsspor som var omfattande både horisontalt og vertikalt. Det var ikkje sett av ressursar til fullstendig formgraving med tilhøyrande dokumentasjon av desse, så ein valde å nøye seg med dokumentasjon av a) utstrekning i plan og b) av tre profilsnitt. Ein prioriterte lågt å ta ut prøver frå fyllmasser i desse profilsnitt, sidan grøftene kan ha fått blanda inn materiale frå fleire, delvis

ukjende, formasjonsprosessar over tid. Undervegs i feltarbeidet blei det klart at nokre av grøftene (nedgravingar) kan ha hatt tilhøyrande *vollar* (masse langs kanten av nedgravingane som stakk opp over markoverflata). Slike anlegg er ikkje vanlege å finne tilknytta det førreformatoriske landskapet i Rogaland, men dei er meir utbreidde i naboland som Storbritannia og Danmark. På engelsk kallar ein denne situasjonen for «dyke», med grøft («ditch») og voll («bank»), særleg for situasjonar der anlegget har fungert som fysisk grense/markør. Nedanfor følgjer ein nærmare presentasjon, i numerisk rekkjefølgje, av dei ulike grøftene og vollane, både enkeltvis og som felles kontekst (et «grøftekompleks»).

Grøfteløpet i «hestesko» ved «Hus 1»: grøftene 1042 / 1226 / 1244

Dette anlegget har vore noko omtalt tidlegare i tekst og tabell (jf. ovanfor om «Hus 1»). Her vil det difor kome ei skildring som er meir avgrensa til korleis grøfteløpet framstår i det vertikale aspektet, det vil seie kva profilsnitt kan seie om lagfølgjene, særleg i to jordprofilar (C1619 og RFK reg. S profil sjakt 3.11).

Profilsnittet frå registreringa er skildra i oppdragsrapporten (Haugen 2014:18-20), og profildeikninga frå rapporten samt nærfoto av profil er attgjevne her (jf. figur 28). Grøfta er i registreringsrapporten skildra slik: [...] og *veggrofta som ble dokumentert i sjakta, s 3.11.6, ligger innunder det mørke torvholdige laget. Det er ikke synlig noen nedskjæring i lagene over dyrkingslaget/ torvlaget. [...]* *Veggrofta, S 3.11.6, ble avdekket i om lag 7 m lengde. Grøfta er ca 30 cm bred og massene i grøfta består av brungrå humusholdig sand. Massene er litt spetna og inneholder enkelte trekullbiter.*



Figur 28 Utsnitt som viser Figur 19 i Haugen 2014, med jordprofil mot S i sjakt 3.11. Grøfta er nr. 8.



Figur 29 Foto nr 132 frå RFK registrering (Haugen 2014), som viser groft S3.11.6 i relasjon til profil mot S i sjakt 3.11. Foto mot S.



Figur 30 Foto nr. 124 frå RFK registrering (Haugen 2014). Viser framrensa groft S3.11.6, med profilvegg mot S i bakgrunnen. Foto mot V/SV.

Det vart i samband med registreringa teke ut prøvemateriale (trekol) frå grøfta i profilen mot sør, dette er karbondatert til merovingartid (ca. 600-660).

Ved undersøkinga i regi av AM, UiS i 2022, fekk ein fram meir av grøfteløpet for RFK sin S3.11.6, både mot S og mot Ø (jf. figur 6 som viser RFK sine sjakter saman med AM UiS sitt undersøkingsområde). I sørleg retning verka grøfteløpet å stoppe opp rett ved stolpehol 1198 og 1446 i «Hus 2» (jf. omtale ovanfor). I austleg retning kunne grøfteløpet derimot klart følgjast heilt til feltkanten. Her var bevaringstilhøva også noko betre slik at meir av djupna til anlegget var intakt, og ein påviste eit visst innslag av steinar i fyllmassa (jf. figur 31). Det blei her funne eit skår av spannforma leirkar ved opprens (jf. omtale av «Hus 1»).



Figur 31 Oversynsfoto som viser område av grøft 1042 ved feltkant mot Ø for profilsnitt 1619. Foto mot OSØ.



Figur 32 Profilfoto. Viser profilsnitt 1619 gjennom grøft 1042 ved feltkanten mot Ø. Foto mot NNØ.

Profilsnittet 1619 viste at grøfteløpet sin del 1042 var skoren ned gjennom fleire eldre veksthorisontar og sandlag, med botn for nedgravinga i ei grovare masse av sand, grus og stein (jf. figur 32). Denne stratigrafien er mykje lik det ein kan sjå i samband med stolpehola tilknytt «Hus 1» og «Hus 2», og særleg stolpehol 1353 som var lokalisert i den same feltkanten, drøye tre meter lenger mot SØ. Det finst også trekk ved profilsnitt 1619 som indikerer at grøfta 1042 her hatt fleire fasar, truleg i samband med opprens/tøming av grøfta. Grøfta synest vere dekkja av

liknande masser/lag som stolpehol 1353, med blant anna fleire mørke linjer frå veksthorisontar som viser til attgroing av landskapet. Makroprøve 32 er teke ut frå grøfta her.




Figur 33 Profilfoto. Viser profilsnitt 200078 gjennom grøft 1226 og grop/sth. 1626. Foto mot SSØ.

Eit profilsnitt (200078) gjennom den vestlege delen av grøfteløpet (grøfta 1226) og ei grop/mogleg stolpehol her, viser ein noko anna situasjon (jf. figur 33). Her det viktig å kome i hug at medan området ved profilsnitt 1619 vart utgrave varsamt som ei utviding på leit etter grøfteløpet, så har området ved profilsnitt 200078 blitt avdekka med gravemaskin to gongar (både av RFK i 2014 og av AM UiS i 2022), noko som truleg har gått negativt ut over bevaringstilhøva. Profilsnittet viser det som truleg er eit fleirfasa fyll i grøfteløpet her, med rest av 1226 sitt fyll i toppen og andre lag lenger nede innan den opprinnelege nedgravinga.

For å oppsummere, så indikerer den samla informasjonen om dette grøfteløpet at:

- Grøfta har fleire fasar, ho har truleg blitt tømt når naudsynt i løpet av brukstida.
- Grøfta synest å vere skoren ned i bakken på liknande vis / same stratigrafiske nivå som stolpehola tilknytta «Hus 1» og «Hus 2», og saman med karbondatering og skår av spennforma leirkar peikar dette på brukstid saman med desse stolpebygde konstruksjonane.
- Grøfta er gått ut av bruk og så tildekka av veksthorisontar. Særleg mot den våtare delen av landskapet, mot vest, har overgroinga karakter av torvlag. Først i yngre periodar har så området ved/over grøfta blitt aktivt teke i bruk som landbruksland.



Figur 34 Oversynsfoto med forklarande tekst som viser lokalisering av grøft 1555 mfl. Foto mot VSV.

Grøft/lag 1310: (delvis) same anleggsspor som grøft 1593?

Dette moglege anleggssporet var det første som vart framtolka og målt inn i felt av samlinga med grøfter/lag som strekte seg i om lag Ø-V – retning her, rett S om stolpeholkskonsentrasjonen. 1310 framstod som eit mørkbrunt avlangt avtrykk (sand/silt med humus) ned i den lysare flygesanden under. Etter nærmare opprens og undersøking av området, valde ein å skilje ut grøft 1593 frå den opprinnelege 1310 – utstrekninga. Vestleg del av 1310 (dvs. vest for profilsnittet C1530) framstod meir som lag (mykje likt 1173 og 200108 i nærleiken: aktivitets-/dyrkingslag?) enn som ei grøft. Men det kan ikkje utelukkast at heile lengda for 1310 skal forståast som ei grøft (med ulik bevaringsgrad), slik at 1593 er den best bevarte delen av eit slikt langt grøfteløp. I så fall har 1310/1593 gått tvers gjennom lokaliteten (i ei lengde på ca. 14 meter), på liknande vis som grøft 1555 (jf. nedanfor). 1310 var yngre enn/over 1555, det framgjekk både i plan og i profil C1526 (jf. figur 37-38).

Grøft 1538:

Denne biten med grøft (ca. 3 meter lang) var synleg delvis over og inntil sørsida av grøft 1555 (jf. figur 35-36). 1538 hadde eit brunt/gråbrunt fyll av silt/sand/humus/stein, og var skoren noko ned i eit lysare flygesandslag. Grøfta gjekk om lag parallelt med grøft 1310/1593 (som gjekk langs nordsida av 1555), og 1538 kan ha hatt ein liknande funksjon og brukstid som 1310/1593. 1538 var klart grunnare og hadde færre steinar i fyllmassa enn 1593. Det er godt mogleg at ei av fasane med grøft som er synleg i jordprofilen C1534 tilknytt feltkanten mot Ø (jf. figur 43), skal tolkast som del av 1538, men dette kan ikkje seiast sikkert sidan det manglar ein bit grøft mellom den innmålte 1538 og feltkanten. Denne stratigrafiske relasjonen vert omtalt i samband med grøft 1555 og 1593 nedanfor. Det er derimot heilt klart at vestenden av 1538 er synleg på profilsnittet C1530 (jf. figur 35-36).



Figur 35 Oversynsfoto, beile profilsnitt C1530. Sentralt 1555, til venstre 1593, til høyre 1538. Foto mot ØNO.



Figur 36 Sørleg del av profilsnitt C1530. Med 1555 sentralt og 1538 til høyre, med tolkingar. Foto mot ØNO.

Grøft 1555:

Dette var ei distinkt grøft, som gjekk tvers gjennom undersøkingsområdet med ei lengde på knappe 14 meter (jf. figur 17-19). Det er uavklart kor langt anlegget strekkjer seg totalt sett, sidan det held fram utanfor lokaliteten både mot sørvest og nordaust.

Basert på informasjon frå dei tre aktuelle profilsnitta gjennom 1555 (C1526/1530/1534) var breidda ca. 90 – 120 cm og største djupne var ca. 70 – 100 cm.

Det var først ved graving av profilsnitta at ein påviste 1555, for medan dei andre grøftene og laga i dette området framstod som mørkare anleggsspor mot den lyse flygesanden, så var fyllmassa i 1555 relativt lys på farge. Dette kjem truleg av at mykje av fyllet i 1555 kom frå flygesand og erosjon av sandhaldige masser. I profilsnitta var det uansett svært tydeleg kvar nedgravinga(-ne) for 1555 gjekk, og sjølv fyllet hadde ein meir omrota karakter (med til dømes innslag av bitar frå veksthorisontar) enn dei homogene laga utanfor grøfta.

Makrofossilanalyse av materiale frå prøve 33 viser innslag av forkola frø, men ikkje uforkola frø (jf. kap.6). Fråværet av uforkola (mogleg nyare tids) frø kan indikere at grøfta ikkje har blitt oppretta/forstyrta i nyare tid, at innhaldet har vore forsegl over ein lang periode.



Figur 37 Oversynsfoto av profilsnitt C1526, med 1555 sentralt og ein truleg rest av 1310 øvst oppe til venstre (delvis under målestokkepinnen). Med nokre tolkingar. Foto mot ØNØ.



Figur 38 Same motiv som førre figur, men her med forslag til lag/avsettingar innan fyllmassa. Foto mot ØNØ.

Grøft 1555, i profilsnitt C1526 (tekst henta frå Intrasis):

Dybde: ca. 70 cm.

Diameter bredde i snitt: ca. 100 cm

Øvre del er preget av et nivå av gulbrun flygesand (ca. 20-30 cm dypt), under dette følger et nivå av gråere sand, med klare innslag av mørke flekker/ biter (trolig fra organisk materiale, veksthorisont). I skillet mellom disse nivåene, lå en rund stein (ca. 15 cm lang), ellers var fyllet i grøften så godt som steinfritt. Bunnen av grøften var tilnærmet flat, nedgravningen stopper i dette snittet ved overgangen mot et nivå (nivå e nedenfor) med sand og grus (hvor grunnvannet kom opp). Grøften er opprinnelig gravd gjennom (fra topp mot bunn): a) en tynn veksthorisont, b) et sandlag (trolig flygesand) under denne veksthorisonten, c) en tynn veksthorisont, d) et mer kompakt nivå med sand og silt under denne veksthorisonten, og e) et nivå med sand og grus (trolig marint avsatt).

Snittet av grøften er formgravd (Jf. foto), og viser hvordan grøften har vært bredere i toppen enn i bunnen, og at man i nedre del klart har skåret seg ned gjennom mer kompakte undergrunnmasser til en viss dybde.

Fyllet bærer preg av at grøften har siltet igjen, før flygesand har dekket hele strukturen. De spredde bitene av omrotet dyrkingshorisont kan indikere at man har utført vedlikehold på grøften under dens brukstid, ved å spa opp avsatt materiale.



Figur 39 Foto av sentral del av profilsnitt C1530, med 1555 i midten og del av 1593 til venstre. Foto mot ØNØ.



Figur 40 Foto av nordleg del av profilsnitt C1530, med del av 1555 til høyre og 1593 til venstre. Foto mot NNØ.

Grøft 1538/1555/1593, i profilsnitt C1530 (tekst henta frå Intrasis):

Dybde: ca. 100 cm.

Diameter bredde i snitt: ca. 90 cm

Øvre del er preget av et nivå av gulbrun flygesand (ca. 20-30 cm dypt). Mot nord ser man grøft 1593, denne kutter seg gjennom 1555 (til og med det øvre flygesandsnivået) og er dermed yngre (noe som indikerer at steinfyllet i 1593 nok *ikke* stammer fra fjerning av steinholdige masser nederst i kuttet for grøft 1555).

Under det omtalte flygesandsnivået, ser man tegn på innslag av omrotet og redeponert sand/siltmasser, med innslag av mørke biter fra veksthorisonter. Det er en klar forskjell på 1555 sin høyre (mot S) og venstre (mot N) del av snittet (sett mot ØNØ): delen mot N har mer og dypere lokalisert flygesand, noe som tyder på at denne har vært mer spadd ut/vedlikeholdt (evt. som en smalere grøft enn det nedgravningen for 1555 opprinnelig var).

Nederst, mot bunnen av nedgravningen, kommer et nivå med gråere sand.

Det fremgår klart at den opprinnelige nedgravningen for 1555 har skåret seg gjennom (fra topp mot bunn) både et flygesandslag, en veksthorisont, en mer kompakt sand/siltelig masse og til slutt masser med sand/grus/stein (morene/marin ansetning).

I nedgravningens kant mot S ser man i dens øvre del at en fase av grøften har blitt kuttet gjennom et nivå/lag av gråbrun, noe humusholdig masse (veksthorisont? aktivitetsslag? dyrkingslag?): det er uavklart om dette laget har oppstått i løpet av 1555 sin brukstid og så blitt delvis fjernet ved inngrep (tømming av grøft/vedlikehold) eller om dette laget faktisk stammer fra før den første fasen av 1555. Her kommer man også i kontakt med grøft 1538 mot S: denne grøften ligger utenfor nedgravningen for 1555, men skiller seg i fyll ikke mye fra innholdet i det nevnte laget.

Bunnen av nedgravningen for 1555 er tilnærmet flat, og danner dermed en smalere "renne" ned i den kompakte grus/steinholdige undergrunnen (som for snitt C1526). Det virker generelt som at man har i utgangspunktet gravd seg systematisk ned til bunn på dette viset, men at man også senere har latt denne "rennen" silte seg igjen - man har ikke tømt hele nedgravningen.


Det virker som at grøftene/vollene som har gått tilnærmet parallelt med nedgravningen 1555 (dvs. 1593 mot N og 1538 mot S) har blitt anlagt langs/ved ytterkanten av 1555, man har fulgt samme retning: enten har de hatt samme funksjon (markør? drenering?) som 1555 eller så har de samvirket med 1555 i samme kontekst (voll/markør på en eller begge sider av den dypere og større 1555?)

Det er uavklart hvilken rolle 1593 og/eller 1538 har hatt om man sammenligner med den buede grøften rundt Hus 1 - konteksten lenger mot N (dvs. grøft 1042 + mindre biter av dette grøfteløpet): det kan ikke utelukkes at 1593/1538 har fungert sammen med 1042 mfl. og slik strukket seg rundt Hus 1, men det er også mulig at dette bør sees som separate grøfter, med ulike brukskontekst/funksjon. Grøft 1555 ser jo i retning og dimensjon ikke ut som 1042 mfl., men p.g.a. dårlige bevaringsforhold vet man ikke om 1042 mfl. kan ha ledet inn til 1555.

Det vart teke ut ei makrofossilprøve (nv 33) frå fyllmasse (del med bitar av veksthorisonar, S i fyllet) innan grøft 1555 i C1534.



Figur 41 Oversynsfoto som viser profilsnitt C1534 ved feltkanten mot Ø, med grøft 1555 sentralt og grøft 1593 m.fl. til venstre. Foto mot ØNO.



Figur 42 Oversynsfoto som viser vestsida av profilsnitt ved feltkanten mot Ø (der C1534 er jordprofil ved austsida/i feltkanten), like ved moderne vatngroft. Foto mot S.



Figur 43 Oversynsfoto som viser kontekst ved profilsnitt C1534, med anleggspor og lagfølger synlige her ved feltkanten mot Ø. Foto mot Ø.

Grøft 1538/1555/1593, i profilsnitt C1534 (tekst henta frå Intrasis):

Dybde: ca. 90 cm

Diameter bredde i snitt: ca. 120 cm

Generelt er det flere likhetstrekk ved oppbyggingen og lagfølgen synlig i dette profilsnittet, sammenlignet med profilsnittene C1526 og C1530: a) omtrent samme dimensjon på den opprinnelige nedgravningen inkludert "rennen" i bunnen, b) lignende tilsilting nederst med grå sand, c) et øvre nivå med delvis omrotete masser (inkl. biter av veksthorisont) og flygesand. Det er tydelig at man ved kuttet for nedgravningen har skåret seg gjennom nivåer med både flygesand og veksthorisonter (2 stk.) før man har gravd seg 20-30 cm ned i grovere masser av sand/grus/stein. Innslag i den midtre/øvre delen (særlig mot N) peker mot delvis tømming av nedgravningen, som så har fylt seg opp på nytt.

Man ser en lignende stratigrafisk situasjon som for profilsnittet C1530 når det gjelder en grøft/voll delvis skåret ned i den nordre kanten av 1555. Dette er tolket slik at det etter alt å dømme handler om den samme strukturen (1593), siden plassering, nivå og fyll er svært lik i begge profilsnittene. Det som er en fordel ved profilsnitt C1534, er at det har bevart en langt mer omfattende kontekst, både vertikalt og horisontalt, siden det ligger ved feltkanten. Man har oversikt over lagfølgen helt fra nivået med "rennen" i bunn til dagens markoverflate, og man kan også studere lagfølgen i flere meter på begge sider av selve profilsnittet (se foto og forklarende skisser i oppdragsrapporten). Dette viser flere interessante trekk:

Det er tegn etter trolig flere faser av grøfter/voller som er yngre enn (skjærer ned i) den gjenfylte nedgravningen for 1555: dette er etter alt å dømme 1593 pluss muligvis 1538 (evt. to tettliggende faser av 1593). Dersom 1538 er representert, viser dette at denne strukturen nok har krysset over 1555 (siden 1538 er påvist på sørsiden av 1555 i profilsnitt C1530), noe som indikerer et noe klarere brudd med 1555 sin opprinnelige retning. Det er ikke påvist hvilken av de to grøftene som er eldst/youngst, da de fremstår tilnærmet parallelt/inntil hverandre i profilsnittet. De er ikke like, for den lengst mot nord (sikkerst som 1593) er både dypere, har muligvis flere faser og har et klart større innhold av stein (jf. 1593 i profilsnitt C1530).

Mot sør i profilsnitt C1534 ser man at det har dannet seg et brunt lag (veksthorisont og/eller dyrkingslag?) over det nivået av flygesand som har fylt igjen de øvre delene av 1555. Dette brune laget finnes ikke lenger mot nord (der grøftene 1593 og 1538 er), noe som indikerer enten at a) det brune laget ikke har blitt dannet her (det har vært en grense) eller b) at man ved opprettelsen av disse grøftene har gravd bort alle spor etter dette brune laget. Derimot så er både dette brune laget og grøftene dekket av et yngre nivå av flere veksthorisonter, noe som viser at på dette tidspunktet ble konteksten tilgrodd.

Ytterligere noe mot nord, inntil/ved kanten på grøften 1593, skjer det noe annet: her er det påvist et nivå med høyt innslag av steiner og grus, som ikke synes tildekket av de omtalte veksthorisontene. Derimot er denne massen forseglert i toppen av flygesand, noe også nivået med veksthorisonter er. Over flygesandskonteksten ligger så et sjikt av dyrkingslag for man øverst finner dagens matjord-/pløyselag og markoverflate.

Grøft 1593: grøft og/eller voll?

Dette anleggssporet er omtalt tidlegare under både 1310, 1538 og 1555, så her vert presentasjonen kortfatta. Grøfteløpet som er målt inn som 1593 (jf. figur 17-19), har ei lengde på knappe 7 meter (frå profilsnitt C1530 til profilsnitt C1534), og skil seg frå dei andre grøftene i området ved å ha eit klart større innslag av steinar i fyllmassa. Det er indikasjonar i profilsnittet på at 1593 (som 1555) har vore fleirfasa: anten ved vedlikehald/tøming av grøft, eller ved graving av nytt grøfteløp på om lag same stad.

Det at 1593 endrar karakter/forsvinn i vest ved profilsnitt C1530, har blitt diskutert sett i lys av at grøft 1226 (del av grøft 1042 m.fl. i «Hus 1» – konteksten) også blir borte like i nærleiken (jf. figur 17-19). Fyllmassa i desse to grøfteløpa (særleg i 1042-delen og i 1593, med klare innslag av steinar) opnar opp for at desse grøfteløpa har høyrte saman eller hatt same funksjon – dette ville i så fall kunne gje ei samanhengande grøft rundt heile den avdekkede delen av «Hus 1» (jf. omtale tidlegare om tematikken og symmetri), anten for drenering eller for vegg-løp. Slik bevaringsforholda var, let det seg ikkje gjere å kome nærmare noko sikkert svar på dette. Anleggssporet 1593 er etter alt å dømme funne ved registreringa, men då tolka som moderne grøfter påvist i både sjakt 3.11. og sjakt 3.20 (Haugen 2014:18). Ved å samanlikne foto frå registreringa med dokumentasjon frå AM, UiS si undersøking, er det sannsynleggjort at desse to bitane av grøfter frå registreringsarbeidet er same anleggsspor som 1593 (jf. figur 44-45). Biten

med grøft påvist i sjakt 3.20 viser i så fall at dette grøfteløpet held fram vestover utanfor lokalitetsavgrensinga til id 173373. Det er biten med grøft i sjakt 3.11. som er fotografert slik at ein kan gjere ei vurdering av denne opp mot 1593. Ein ser at avstanden til det kjende stolpeholet S3.11.2/1000 høver med 1593 (ca. 1,5 – 2 meter).



Figur 44 Utsnitt av foto frå RFK registrering (Haugen 2014), som viser grøft/voll (tolka som moderne ved registreringa) i same område som grøft 1593. Foto mot SSØ.



Figur 45 Utsnitt av foto frå RFK registrering (Haugen 2014), som viser grøft/voll (tolka som moderne ved registreringa) i same område som grøft 1593. Foto mot NNV.

Ein ser utifrå dei nemnde fotoa frå registreringa at fyllmassa i grøfteløpet stikk opp av flygesandsnivået på liknande vis som skoningssteinar i stolpehola. Det er derimot vanskeleg å slå fast kva lag som har tildekkja grøfta basert på desse bileta, dette er då også rett ved den moderne vassgrøfta sin trasé. Anleggsporet som er synleg som eit mogleg stolpehol nede til venstre på biletet med målestokkpinnen (jf. figur 45), er S3.11.1, og ein veit utifrå innmålingsdata at grøft 1555 passerte mellom S3.11.1 og 1593 (om lag på tvers av retninga til sjakt 3.11). Så, både på desse bileta frå registreringa og på foto av profilsnitt C1530 og C1534, verkar 1593-anlegget å liggje noko høgare i terrenget/stikke opp av dåtida si markoverflate enn 1555. Det kan med utgangspunkt i dette spørjast om 1593 såleis har fungert delvis som ein voll langs 1555? For om mogleg forstå dette betre, bør ein inkludere nok eit anleggsspor, nemleg fyllskiftet 200111 i og ved feltkanten mot Ø: meir om dette nedanfor.



Figur 46 Oversynsfoto som viser området med 200111, rett NØ om profilsnitt C1534, før oppretting av profilsnitt C1735. Foto mot Ø.

Fyllskiftet 200111: lag, voll eller noko anna?

Ute ved feltkanten, i området mellom grøftene 1555/1593 i sør og stolpehol tilknytta «Hus 1» i nord, blei det påvist eit avgrensa område (200111) som skilde seg klart ut ved å ha eit høgt innhald av steinar og grus saman med sand, silt og humushaldig masse. Det var lite att av det steinrike laget i plan, men det framstod tydeleg i dei vertikale lagfølgjene i feltkanten (jf. figur 46-48). Innhaldet minner ein god del om det som fanst i grøft 1593 (og som er synleg på bileta frå registreringa av grøfta som tilsvarar 1593), men området ser noko større/breiare ut enn sjølve 1593 og har nok heller lege inntil delar av denne (jf. tolkingsforslag på figur 17-19). Såleis framstår den steinrike delen av 200111 i endå større grad enn sjølve 1593 som ein *voll*.

Som ein kan skimte på biletet ovanfor (jf. figur 46), har det danna seg eit grått, sandrikt lag (også innanfor 200111) inntil og delvis over dei nemnde steinrike massene. Dette laget *kan* ha oppstått i samband med «Hus 1» - konteksten. Heile 200111 synest å ha blitt tildekkja av først ein veksthorisont og deretter ei mengde ulike flygesandslag og tynne veksthorisontar (jf. figur 47-48). Det tilgjengelege kjeldematerialet er ikkje godt nok til det let seg gjere å forklare alle formasjonsprosessane som har gått føre seg her, men ein ser at mot toppen av jordprofilen er flygesandslaga tildekkja av dyrkingslagsfasar. I teksten nedanfor kommenterer ein også relasjonen til lagfølgjene som vart dokumentert i profilsnitt C1504, nokre meter N om C1735.



Figur 47 Oversynsfoto som viser området med 200111, rett NØ om profilsnitt C1534, etter oppretting av profilsnitt C1735. Foto mot Ø.



Figur 48 Oversynsfoto som viser lokalisering av prøveuttak for nv 34 (mørkere masse frå «volls» rett over boks) frå C1735. Foto mot ØSO.

Fyllskifte/område 200111, i/ved profilsnitt C1735 (tekst henta frå Intrasis):

Område i SØ-hjørnet av Hus 1 - konteksten. Opprettet i ettertid i Intrasis basert på foto.

Det har ikke latt seg gjøre å forklare lagfølger/formasjonsprosesser for dette området på en tilfredsstillende måte, hverken i felt eller i etterarbeidet. Dette kommer delvis av kompleksiteten på de synlige relasjonene, og delvis av at så mye av konteksten fortsatte utenfor utgravingsområdet, mot Ø.

I felt lot man seg forundre over hvor ulike lagfølgene var i henholdsvis området for profilsnitt C1504 og i området noen meter lenger mot ØSØ, ved profilsnitt C1735: ved C1735 fremstod stratigrafien annerledes/ kompleks, med et langt større antall tynne linser av henholdsvis flygesand og veksthorisonter, og med et distinkt steinholdig lag i nivået under disse (jf. foto).

Det aktuelle området ble ikke prioritert for nøye opprens/ dokumentasjon, p.g.a. begrensede ressurser/ tid i felt - man vektla å fokusere på områder som kunne fortelle noe mer generelt om lokaliteten og om husområdene. Det finnes derfor ikke gode detaljfoto eller tegninger av lagfølgene, og man tok bare ut en makroprøve (fra nivået med steinholdige masser, profilsnitt C1735).

En forsøksvis forklaring på hva som har foregått i dette aktuelle området 200111:

Det kan se ut til at Lag 6 (se skisse fra prøveuttak profilsnitt C1504) ikke finnes i samme grad innen område 200111 som lenger mot N-NØ. I stedet har man et omfattende antall linser av flygesand og veksthorisonter, langt flere enn det som er synlig i forbindelse med Lag 7 i C1504. Dette kan indikere at området med 200111 har stått åpent for vind og vær slik at disse linsene gradvis har bygget seg opp. Det kan være at disse linsene evt. har blitt dyrket bort og blitt en del av det som fremstår som Lag 6 i profilsnitt C1504, m.a.o. at dyrkingen ikke har strukket seg innover område 200111: dette kan igjen ha kommet av at dette har vært en grensesone/ markør (med diverse grøfter og det steinholdige nivået) i en periode, men at dette senere er blitt ignorert, siden man høyre opp i profilen finner dyrkingslagssekvens (lag 8-10) som dekker hele konteksten (både C1504 og C1735). Disse øvre lagene er trolig fra MA/ nyere tid (ikke ¹⁴C-datert). Situasjonen S om 200111 er vanskelig å vurdere, siden profilkanten her både er lavere, og trolig har flere av de øvre lagene blitt pløyd bort/ kvernet inn i nyere tids lag. Det kan dog ut ifra oversiktsbilder se ut som at man også her har hatt et større innslag av flere, tynne linser av flygesand/ veksthorisonter, og svakere innslag av et dyrkingsnivå som Lag 6 (nivået stratigrafisk under sandsjiktene her fremstår mer som veksthorisonter enn dyrking. Dette kan i sin tur indikere at man utøvde mer omfattende dyrking på denne tiden ved profilsnitt C1504 enn ved profilsnitt C1735 og lenger mot S - muligens har dette med lokaliseringen av grøftene som grense for landskapsbruken å gjøre.

Oversiktsfoto av konteksten ved profilsnitt C1735, viser at det har dannet seg et grålig lag (trolig humusblandet sand) inntil/ oppetter nivået med steinholdig masse som finnes her på "hjørnet" mot grøft 1593.


Lag innan jordprofil C1504:

Lagfølgene er allereie delvis omtalt i samband med «Hus 1», og dei vil bli ytterlegare diskutert i bolken av naturvitskapelege prøver (jf. kap.6). Her vil ein difor nøye seg med å vise til desse avsnitta, samt det som er skrive om C1504 i samband med 200111 ovanfor.

Lag innan jordprofil C200044:

Denne jordprofilen vart opprensa langs SV-kanten av undersøkingsområdet. Profilen vart ikkje prioritert for prøveuttak, og dokumentasjonen var avgrensa til foto og innmåling.


I sørvest ser ein a) grensa mot ein omfattande steinkonsentrasjon («steinrind» i Haugen 2014), vidare mot nord fanst b) ein sekvens med bevarte lagfølgjer (inkludert trulege dyrkingslag og flygesand), før ein ser c) eit omrota område (frå RFK si sjaktning her) og til slutt d) eit hjørne med bevarte lagfølgjer att.



Figur 49 Oversynsfoto av profilsnitt C200044. Foto mot VSV.

Lag innan jordprofil C200047:

Denne jordprofilen vart opprensa langs SØ-kanten av undersøkingsområdet. Profilen vart ikkje prioritert for prøveuttak, og dokumentasjonen var avgrensa til foto og innmåling. Ein ser fleire flygesandslag, diverse innslag av veksthorisontar, og moglege dyrkingslag.



Figur 50 Oversynsfoto som viser lagfølje innan profilsnitt C200047. Foto mot ØNØ.

Tabell 4 Oversyn over andre anleggsspor

Type anleggsspor	Anleggsnr.	Lengde cm	Breidde cm	Djupne cm	Nat.vit. prøve nr. 2022/06-	¹⁴ C-resultat, 2 sigma cal AD (tidsperiode)	Kommentar
Groft/lag	1310	1400	90	5	-	-	
Groft	1538	300	55	5	-	-	
Groft	1555	1370	120	100	33	-	
Groft/voll	1593	680	55	35	-	-	
Fyllskifte	200111	270	110	40	34	-	

4.3 Oversyn over dateringsresultat

Å avgjere alder/tidspunkt på eit anleggsspor/ein formasjonsprosess kan gjerast på fleire vis og med ulik presisjon. Nedanfor følgjer eit oversyn over tre slike metodar/grep for datering: karbondatering, datering ved typologisk distinkte gjenstandsfunn, og datering ved hjelp av stratigrafisk informasjon.

Karbondateringar (¹⁴C-analyser):

Det er utført fem karbondateringar frå utvalt prøvemateriale frå dette undersøkingsprosjektet, og i tillegg bør ei karbondatering på trekol frå RFK si registrering i 2014 nemnast:

Tabell 5 Oversyn over karbondateringar

Utførende instans	Lab. referanse	Prøvemateriale	AM nat.vit.nr. 2022/06-	C14 alder	Standard-avvik (+/- år BP)	Kalibrert resultat 1 sigma (68.3%)	Kalibrert resultat 2 sigma (95.4%)
NTNU TRa	TRa-21420	Kvist, trekull, indet. Løvtre	13	1600	15	428-534 calAD	422-538 calAD
NTNU TRa	TRa-21421	Kvist, trekull, indet. Løvtre	14	1650	15	403-430 calAD	376-533 calAD
NTNU TRa	TRa-21422	Kvist, trekull, indet. Løvtre	29	1670	15	383-418 calAD	361-423 calAD
NTNU TRa	TRa-21423	Kvist, trekull, Betulaceae	31	1565	15	438-548 calAD	433-558 calAD
NTNU TRa	TRa-21425	Charred cereal, Avena sp 2 stk	35	1555	20	440-564 calAD	433-574 calAD
Beta Analytic Ltd London	Beta-371759	Løvtre/lyng, ikke eik. Dateringsprøven har et rundt tverrsnitt og er trolig en tynn kvist, noe som er gunstig for datering.	RFK reg. (jf. Haugen 2014)	1410	30	620-650 calAD	600-660 calAD

Typologisk datering av gjenstand:

I samband med undersøkinga av austleg del av grøfta 1042 (like ved profilsnitt C1619), vart det funne eit skår frå spannforma leirkar (fnr. 200096, S14556.1), her skildra med tekst frå Intransis:

Bit av vegg frå spannforma kar: forskjell på innside (glatt) og utside (ruglete, sliten), truleg spor etter dekor på utsida, men dårleg bevart. Klebermagra.

Kar av denne typen er typologisk distinkte, dei var i bruk innan perioden 400-500 – talet e.Kr. (folkevandringstid).

Relativ datering basert på stratigrafisk informasjon:

Gjennomgangen av anleggsspora tidlegare i teksten har fleire gongar vist til stratigrafiske relasjonar (over/under, kuttar/blir kutta av) som indikerer ein relativ alder: til dømes er stolpehola yngre enn massane dei kuttar gjennom, og blant dei laga som har kome til i jordprofilane C1500 og C1504 er dei øvre yngre enn dei mot botnen.

Dessverre lét det seg ikkje gjere å finne materiale for karbondatering frå lagfølgjene over stolpehol 1353 i jordprofilen C1504, for det hadde vore ideelt å fått kombinere stratigrafien her

med presise ¹⁴C-resultat. Såleis er situasjonen slik at ein berre veit at laga som har kome til ved formasjonsprosessar over stolpehol 1353 etter alt å døme er yngre enn karbondateringane (2 sigma: 433-574) frå materiale tilknytta 1353. Desse laga er såleis frå tidsspennet yngre jernalder – nyare tid.

Eit anna klart døme på slik relativ datering basert på stratigrafi, er informasjonen (frå plan og profilar) om at anleggssporet 1593 ikkje kan vere eldre enn den opprinnelege nedgravinga for grøft 1555. Truleg har både 1555 og 1593 fleire fasar av bruk/endingar/vedlikehald, men 1593 er utvilsamt plassert over delar av 1555.

Samla tolking av dateringsresultat:

Både karbondateringane og skåret av spannforma leirkar peikar i retning av aktivitet her i tidsspennet seinare del av eldre jernalder (yngre romartid – folkevandringstid) til første del av yngre jernalder (eldre merovingartid).

Fråværet av klare dyrkingslag og anleggsspor som er eldre enn dette, tyder på at området ikkje var teke aktivt i bruk for busetnad eller jordbruk før denne tida, noko som i sin tur indikerer at endringsprosessar og ekspansjon tilknytta framveksten av gardsanlegg

(«folkevandringstidsgarden») i løpet av romartid – folkevandringstid truleg ligg bak.

«Hus 1» og «Hus 2» går ut av bruk i tiåra rundt overgangen frå eldre til yngre jernalder, og området gror til i ein periode. Først seinare ser ein spor etter landbruk på staden.

4.4 Kort samandrag om dei ulike typane anlegg og aktivitetsområde

Lokaliteten viste seg å innehalde spor og restar etter både busetnad og landbruk frå førreformatorisk tid.

Busetnadsspora tilknytta konstruksjonane «Hus 1» og «Hus 2» er stolpehol og grøfter. Medan «Hus 2» etter alt å døme har vore ein firestolpars konstruksjon (med fleire bruksfasar/utskiftingar), er det uavklart om «Hus 1» har vore ein liknande konstruksjon eller om det her kan vere snakk om eit meir omfattande anlegg som har strukke seg lenger mot aust (utanfor feltgrensa). Begge stolpekonstruksjonane «Hus 1» og «Hus 2» kan ha vore småhus eller eventuelt stativ/plattformer (t.d. tjelm), mest truleg brukt i samband med gardsdrift og lagring og ikkje som bustader/verkstader. Det er gjort tre funn av leirkarskår i og ved «Hus 1» - konteksten, men dette er for lite og for spreidd til å seie noko klart om bruken av «Hus 1» og ein eventuell skilnad mellom «Hus 1» og «Hus 2».

«Grøftekomplekset» rett sør om «Hus 1» og «Hus 2», med anleggsspora 1310/1538/1555/1593/200111, har uavklart alder og funksjon. Men både stratigrafiske tilhøve, fyllmateriale og gjenstandsfunn i konteksten tyder på at det godt kan vere snakk om spor og restar frå førreformatorisk tid. Grøft 1555 skil seg ut ved å vere uvanleg kraftig og djup: det er mogleg at denne (moglegvis i samspel med dei andre, parallelle grøftene her) skal forståast som eit intensjonelt fysisk skille, kanskje mellom innmark på nordsida og utmark på sørsida. Eit slikt skilje her vil om lag samsvare med situasjonen kjend frå til dømes utskiftingskart frå 1800 – talet (jf. figur 8-9). Dersom denne hypotesa er korrekt, opnar det opp for at skiljet kan sporast heilt tilbake til eldre jernalder, sidan begge stolpeholkonstruksjonane «Hus 1» og «Hus 2» er lokalisert på nordsida av dette grøfteløpet: har gardsanlegget og innmark til «folkevandringstidsgarden» lege på nordsida («innsida») av grøft 1555?

Ein del av laga som var synlege i jordprofilane ved feltkantane, er tolka som restar frå dyrking og husdyrhald, og fleire av dei er karbondaterte til eldre jernalder (jf. meir om dette kap.6). I jordprofilen C1504 mot aust er det tydeleg at fleire av desse laga er yngre enn «Hus 1» - konteksten, noko som viser at dei har kome til innan tidsspennet yngre jernalder – nyare tid.

5 FUNNMATERIALET: MENGDE, KATEGORAR OG MATERIALTYPAR

Funnmaterialet frå denne arkeologiske undersøkinga var lite i mengde, det dreier seg kun om nokre få leirkarskår frå eldre jernalder og ein bit av uavklart korrosjon/slagg (jf. vedlegg 1-2, Tabell 6). Det funnet som har best fagleg utsegnskraft, er eit skår frå spannforma leirkar, sidan denne typen gjenstandar klart tilhøyrrer den avgrensa tidsperioden folkevandringstid (400-500-talet e.Kr.). I tillegg kjem nok eit skår av spannforma leirkar, eit lausfunn gjort på garden som blei overlevert av grunneigar til arkeologane i felt (jf. figur 51):



Figur 51 Foto av dei to skåra frå spannforma kar. Til høgre skåret som vart funne i felt ved undersøkinga, til venstre det større randskåret som var eit lausfunn overlevert frå grunneigar.

5.1 Gjenstandsfunn

Nedanfor vert gjenstandsmaterialet presentert i ein tabell:

Tabell 6 Oversyn over funnmaterialet

Snr.	Fnr.	Frå anleggsspor	Type gjenstand	Antal fragm.	Kommentar	Datering (typologisk)
S14556.1	200096	1042 (groft)	Leirkarskår, spannforma type, klebermagra.	1	Bit av vegg frå spannforma kar: forskjell på innside (glatt) og utside (ruglete, sliten), truleg spor etter dekor på utsida, men dårleg bevart. Klebermagra.	400-550 e.Kr.
S14556.2	200098	Lausfunn	Leirkarskår, spannforma type, klebermagra. Randskår.	1	Leirkarskår overlevert frå grunneigar: funne på bruket, ved tidlegare jordarbeid. Ingen nærmare presisjon på kvar/når. Randskår av kar av spannforma type, klebermagra. Randform: type F (Kristoffersen & Magnus:	400-550 e.Kr.

					2010, fig. 5). Klare teikn på sot/varme på innsida. Utsida har eit relativt breitt horisontalfelt/band (max. 2,5 cm) under randa, og det finst mogleg spor (raudfarging, korrosjon) etter jernband her. Også moglege spor etter korrosjon øvst på innsida. Avskaling på nedre bevarte del av utsida, og dermed ingen bevarte spor etter dekor.	
